

1/50 0

Klas Omnstav

og

mange morosame stykkje fyr born

av

Zak. Topelius.

Umskrivne

av

Stefan Frich.

Kristiania.

FORLAGT AV OLAF HUSEBY & OLAF OLSEN.

1884.

UNIV. BIBLIOTH.
* 1906 *
HELSINGFORS

Klas Omnstav

og

mange morosame stykkje fyr born

av

Zak. Topelius.

Umskrivne

av

Stefan Frich.



Kristiania.

FORLAGT AV OLAF HUSEBY & OLAF OLSEN.

1884.

Klas Ommstav

og

mange morsomme stykkje for born

av

Zak Topelius.

Umskrivne

av

System Fisker

— 1884 —

Kristiania

Kristiania 1884. Nikolai Olsens Bogtrykkeri, Stortorvet 6.

1884

!snekvæf þú þú!

Átt þóttum!

Klas Omnstav.

Aat bornom!

Eg vil ynskje, at de maatte faa likso mykje moro av denne boka, som eg hev havt med aa setja henne ihop. Og kan de so etterpaa eta dykk gjennom eit pannkakuberg som han Klas Beintgjenom, agte dykk fyr vegen hans Tull, koma ihug sporvarne til jul, um de bli aldri so gamle, — vera spakvorne som Susebekk, inkje slaast um ei dau mus, spara bringebærmarken og — det er daa basen lel — *finne sanningsperla*, so hev de havt gagn ogso fyr meir enn mange kronor.

S. F.

Aat dei vaksne!

Det er so lite lesnad fyr born paa landsens maal; som lærar fyr born hev eg sjølv kjennt saknaden, og eg tenkjer mang ein lærar og mang ein far og mor hev kjennt det sama. So sender eg ut denne vesle boka med von um, at ho maatte bli væl mottekji og faa vera til glede og gagn fyr mange smaa. Eg var inkje god fyr aa skrive sjølv; di laut eg nøgje meg med aa umsetja nokot av det likaste eg visste av god og morosam barnelesnad.

Eg vonar, de vil finne som eg, at det gaar ein god og barnsleg aand gjenom desse smaastykkje. Men umsetjinga er kanskje so som so; eg er lite øvd, og mange vil visst mislike maalforma mi. Eg hev lempat henne so mykje etter Austlandet, som eg berre torde. Det er lik-som Austlendingen inkje rett vil kjennest ved det bruke-lege landsmaalet; det er so vestlandsk, segjer han; Vestlendingen hev faatt brorparten i den normalen, og det fell seg som so tungt og slæpande. Eg skriv „sola“, „ei gjente“, „aa finne“, og so hev eg kastat ein og annan stum bokstaven og sume tunge endingar, so det skulde bli lettare aa lesa. Det er daa berre ein freistnad; han staar visst inkje fyr den lærde kritiken; men skulde ulærde folk synest, det var lettare og betre aa lesa, sæter eg det meir.

Kor som er: kan boka, slik ho er, vinne seg hjartarom hjaa mange norske born, so hev eg naatt det eg vilde.

S. F.

Klas Omnstav.

(Fraa tysk, etter Arndt).

1. Med han Klas var barn.

I Vestfalen i Tyskland, inkje langt fraa byen Minden, livde fyr mange, mange aar sidan ein skulemeister, som heitte *Peter Omnstav*. Den landsbyen, der han var skulemeister, heitte Dymmelshusen. Han var ein tolmodleg og stillferdig mann; difyr vart han vyrd og elskad baade av vener og grannar. Men attaat det var han ei kjempe paa vokst og so gruvelig sterk, at han paa lang leid var kjend under namnet Sterke-Peter, og naar han vart sinnt, gjekk folk langt av vegen fyr honom; for vart han sinnt, so vart han det inkje med maate; han var stort lagat denne karen, so han tok aldri smaatt i med det, han gjorde. Han hadde eit ord, som han jamnan brukte, og det ordet var gamalt i ætta. "*Beintgjenom!*" sa han, og av di var det mange, som kallad han *Peter Beintgjenom*; det likte han. Det ordet skreiv seg fraa langt atti tida, fraa nokot, som hadde hendt

seg med stamfa'ren i ætta. Det var ein skomakar-svein, heitte Klas, aatte heime i Korbak i Valdekerlandet. Som han hadde voret ute og ferdast eingong med ein av kamratom sine — dei gjekk gjenom skogen frammed Vesperelva og skulde aat Minden — so kom det ein rasande ulv setjande beint paa deim. Kamraten flaug undan og kleiv upp i eit tre; men Klas stod att, fast paa foten, med staven i hand — den hadde han faatt i gave av ein bakar — og bidde paa ulven. Jau, han kom og det kvast, med gapandes kjeft; men Klas sette staven inn i gapet paa honom med slik kraft, at den gjekk tvertigjenom honom, og ulven laag der med alle fire beina i ve'ret. Daa kom kamraten nedatt og burtaat honom; men Klas dengde honom og jagad honom; han vilde inkje halde lag med slik ein rædd og stakarsleg krok. Han trekkte huda av ulven og bar henne med seg som sigersmerkje paa staven sin. Eit par kolbrennarar hadde set paa denna leiken; dei gav han seg i fylgje med aat næmaste landsbyen; der laag dei um natta alle tri. Kolbrennarne fortalde aat landsbyfolket, koss Klas hadde tekjet ulven, og alle bønderne og gutar og gjentor flaug dit og vilde sjaa denna unge skomakarguten, som hadde slegjet ihel ein ulv med den vesle staven sin, nett som David slo Goliatkjempa med ein liten stein. Men Klas var reint stillferdig og inkje det slag kry av det, han hadde gjort; av di kom alle bønderne til aa like han, og mange av deim heldt paa med honom, at han skulde busetja seg i landsbyen

deira. Han Klas var inkje uhugad paa det, han, og so vart han verand der. Fysstnads dreiv han som skomakar trottugt og trutt; men so vart han um ei tid gjift med dottra aat ein bra bonde-mann, og daa tok han plog og spade istadenfyr syl og plugg. Namn fekk han av den staven, han hadde fellet ulven med; han var brennt frampaa enden, af di bakaren hadde brukt han til aa kara i gløom i bakaromnen; soleis gjekk det til, at al verda kallad karen Klas Omnstav. Sjølv vande han seg paa eit ord, som andre brukte um honom; det var det ordet "*Beintgjenom*", og det vart eit ordtøkje: „Beintgjenom, segjer Klas Omnstav.“ Det ordet heldt ætta etter honom fast paa som eit godt ord; det spaadde mod og lukke, meinte dei; det gjekk i arv fraa far til son, og foreldra lydte væl etter, kven av bornom deira heldst tok til aa bruke detta ordet, for dei trudde han vilde bli beste karen og faa største lukka med seg.

Peter i Dymmelshusen, skulemeisteren, var gjift med ei, som heitte Grete Tibbeke. Dei hadde alt faatt mange søner og døtter, og Grete hadde alt mange gonger sett paa mannen sin med det, at han skulde kristne ein av gutom med namnet Klas, gjævaste namnet i ætta. Men støtt hadde han gje't gutom andre namn. No bar det til, at det vart ein son att, og Peter vilde endeleg, at han skulde heite Klas. Men denne gongen vilde baade mora og skjyldfolket, at han skulde heitte Johannes, avdi han var fødd Jonsokkvelden. Dei saag paa barnet i vogga, og so sa dei: „Han ser

so spak og still ut denna ungen; av honom bli det aldri nokon Klas, han gjev seg aldri i kast med nokon ulv.“ Men Peter vilde no, han skulde heite Klas, og det han vilde, det vilde han; det hjelpte inkje alt det Grete bad og gret og klagad seg og skjemde, presten laut kristne guten Klas.

Og vesle Klas treivst væl med namnet sit; han saug hjartugt mor si, og det smakad honom godt. Andre maanaden hadde han alt faatt si fyste tonn, fjorde maanaden hadde han 6 tenner og aat og drakk alle slag. Og fyrr han var 9 maanader, stod han paa eigne føter og rette andletet kjekkt upp mot himlen. Daa far Peter saag det, tok han honom paa armen og log so hjartaleg fornøgd og heldt honom burtaat Grete og sa: „Sjaa Grete, fyr ein Klas!“ Men Grete ho meinte: „Han hev inkje klarat alle skjer enno, denna Klasen din; eg trur no, han skulde heitt Johannes lel eg.“ Slikt eggdest foreldra so smaatt ved einannan um guten, rett som det var. Men guten han treivst væl ved det, og snart var han so sterk, at han lagde alle dei gutar i' bakken, som var jamngamle med seg, ja um dei so var eit aar eldre.

So aat han og drakk og sov og leikte seg, til han vart 5 aar gamal. Daa sette faren honom til aa gjæte gjæserne um vaaren og sumaren, og vinteren deretter laut han paa skulen og lære abc-boka. Daa han vart 7 aar gamal, naadde han upp til grisegjætar, og daa han var 9 aar, vart han trutt til aa gjæte kjyr og hestar. Alt detta gjorde han

so duglegt og so væl, at far hans vart glad. Men sumetider kom det klagor yver honom Klas fraa grannfolkom; borna deira hadde faat juling, so dei var baade grøne og blaa. Daa tok Peter Klas fyre seg paa tvohand og talad ved honom, at han laut vera fredeleg. Det trongst ellest inkje; for Klas var ein still og godsleg gut; han var inkje hugad paa aa gjera nokon vondt, og aldri ertad han seg inn paa dei, som mindre og veikare var. Men naar han sjølv vart uppeggd, so han vart sinnt, so brukte han inkje nevarne med maate.

Men var han Klas flink til aa gjæte gjæser og sauer og kjoyr, so var han laak paa skulebenken. Det hadde han liten hug til, og det var sovidt han dreiv det til aa lære lesa paa 4 aar. For det han lærde um vinteren, det sveittad han utatt um sumaren i skog og mark, og soleis gjekk det til, at brørne hans og grannborna fekk støtt mykje meir ros paa skulen enn han. Men den gamle skulemeisteren var do glad av honom lel og rosad honom, fyredi han var so god av seg og lydug og from. Grete ho sa stundomtil paa spott: „Naa, Peter, kva skal det so bli av denna Klasen din? Det hadde nok voret betre, vi hadde kallat han Johannes; daa hadde han visst faatt meir vit.“ Men Peter gav inkje upp trua han; han murrad berre: „Klas bli nok basen endaa han.“

For Klas hadde synt fram eit annat stormerkje, som far hans litte mykje paa. Fraa han var 4 aar gamal, hadde han tekjet til aa rope:

„Beintgjenom"! kvar gong han vart hissug elder vilde taka eit kvast tak, slikt som naar han knytte neven til aa slaast. Det gjorde ingen av dei andre bornom hans Peter Omnstav, endaa so tidt dei høyrde far sin brukte detta ordet. Og daa Klas var 9 aar gamal, kallad alle folk i byen han *Klas Beintgjenom*, og folk i Dymmelshusen tok uppatt det gamle ordet: „Beintgjenom, segjer Klas Omnstav.“ Det var morosamt fyr Peter aa høyre, kan de vita.

So vart Klas 12 aar, yverlag stor og sterk, stø paa føtom, stort hovud og brei skalle, haaret hekk langt ned i skallen, og eit par kvasse blaa augo tittad fram millom haarflok. So kom den 13de hausten; i november den hausten vart Klas braatt burte fraa heimen sin, og det paa ei underleg vis.

Peter hadde leigt seg ein ny tenestgut; han kom 1ste november; Hans Valentin heitte han. Han var ingen ungdom, 50 aar gamal var han; men han hadde inkje voret lengje i huset, fyrr han var godvener med alle smaagutom og mest med honom Klas. For han Valentin kunde so mange segner og eventyr, og dei fortalde han aat bornom um kveldarne, naar arbeidet var slutt. Borna fraa grannlaget kom jamnan dei med og lydde paa. Fyr det meste var det laurdagskvelden og sundagskvelden; daa hadde han Valentin beste stunderne. Gutarne hadde med seg eple, neter og slikt, og so sette dei seg burt i ei ro og knaskad og aat, med han Valentin fortalde. Men det var

det rare: det var ingen av alle bornom, som var betre til aa koma ihug det, som Valentin hadde fortalt, enn Klas, og det var ingen, som kunde fortelja det so livande uppatt som han. Detta tykte Peter var morosamt, og nær daa Klas fortalde som best, log han og ropte burtaat Grete: „Høyrer du, Grete? Høyr paa han Klas! Det er gut, som kan fortelja!“ Men Grete tok det berre kaldt. „Ja“, sa ho, „ein Klas er han, og ein Klas bli han, rettelig ein Eventyrklas; men skulemeister bli han aldri; han er inkje god fyr aa skrive eingong, den store guten.“ Soleis rødde foreldra um Klas, kvar paa si vis. Men dei saag inkje, at Klas heldt paa og vart ein annan kar; det kom som eit nytt liv i guten av segnom hans Valentin, og han vart hjartad og glad. Han vart so tekjen av det, han høyrde, so alt det han saag og alt det han høyrde, alt det han diktad og alt det han drøymde, det var inkje annat enn troll og trollkjerringar, drakar og kjempor, fortrollad prinsessor og fortrollad slott. Ja, det gjekk sovidt, at guten mang ei natt inkje fekk sova fyr det, og det kunde raake til, at han hadde augo sine opne endaa, naar hanen gav bod um, at himlen heldt paa aa opne sine augo.

2. Han Klas fer inn i pannkakuberget.

So leid det til jul. Daa var kveldarne lange og helgdagarne mange, so det vart tid til leik og eventyr, og Valentin hadde sparat upp dei beste

segnerne sine til denna glade tida. Men av alle dei segnom, som han fortalde, var det inga, dei likte betre enn den um pannkakuberget og glasberget, og daa song han attaat, so det klang:

Kven segjer meg fraa det pannkakuberg
med sukker- og bakelstak,
med gulltallikar og sylvfat?
Du skjinande berg, du blanke glasberg,
naar flyg du upp?
Du hoppande dverg, du smedmeisterdverg,
naar vaknar du upp?
Ved midnattetider,
naar tjuven han bier,
daa flyg eg upp.
Naar tjuven han stel
og hanen han gjel,
daa vaknar eg upp.

Desse segnerne laut Valentin fortelja uppatt 4 kveldar paa rad; for baae dei berga var inkje langt undan; dei laag innpaa skogaasen, der gutarne hadde gjætt so mang ein gong, og Valentin kunde gje' full greie paa, kor dei var og korleis dei saag ut; ja, han kunde teikne det eiketreet, som stod paa toppen. „Um dagen“, sa han, „kan vi inkje sjaa, kva slag det er i desse bergom; daa ser dei ut som andre berg; men ved midnatt, naar det er maaneskjinn, daa ser ein det; daa er det eine av det klaraste glas, so maanen og stjerneorne skjinn tvertigjenom det like paa botten, og det andre er av dei gjildaste pannkakur, so gjilde, so det aldri hev voret steikt so gode pannkakur i ei panne. So er sagt“ — og det sa han so blidt

og so sagte, so han mest kviskrad det — „at den, som stig inn i pannkakuberget, han skal bli ein stor konge, og den, som spring inn i glasberget, han skal bera med seg heile sekkjer med pengar og gulltallikar og sylvfat heimatt. Men kven hev mod til det? Slike karar kjem inkje til kvar dag!“

Detta ordet: „Men kven hev mod til det?“ gjekk att millom gutom, og dei eggdest og ertad upp einannan med det. Kvar kveld, naar Valentin hadde sluttat forteljinga si, høyrdest uppatt detta sama: „Men kven hev mod til det?“ Nokre skøyarar sa daa mest paa spott: „Klas Beintigjenom hev mod.“ Daa klæjad det støtt i fingrom hans Klas, og hadde inkje far hans voret inne, so hadde han visst brukt deim; men Peter tolde inkje, at smaagutarne slost, naar han var nær. Naa ja, gutarne dei gnog og gnog støtt paa detta sama: „Klas Beintigjenom hev mod,“ so tilslutt vart det for heitt fyr guten, og han tenkte ved seg sjølv: „Det er daa skrøpelegt lel, at eg inkje skal ha mod.“ Og so var det ein dag, som dei heldt paa med detta, daa kom sinnet yver honom, og han skreik: „Ja, Klas Beintigjenom hev mod, naar de hev mod til aa vera med, og no kan de velja, kva de vil; eg tek pannkakuberget fyr meg, der kongen sit, og eg skal gaa fyre, berre de vil fylgje!“ Daa skjemdest dei og skreik alle: „Ja, vi vil vera med! Vi vil vera med!“ For det var midt paa ljose dagen, og dei trudde alle, dei hadde meir enn nok mod, og det hadde dei og daa. So

snakkad dei paa detta heile dagen og kvelden og var fælt til karar, og Valentin og Peter og Grete og tenestgutarne og gjentorne eggde deim berre upp; for dei trudde inkje det var aalvor. Tess meir hissuge vart gutarne, og Klas maalad alting so gjildt, kor lystugt dei skulde liva i pannkaku-berget, og alle dei rikdomar dei skulde føre med seg heimatt.

So vart det kvelden, og klokka slo 10 uppe i kyrkjetornet. Daa ropte Klas: "Hei, gitar, no lyt vi ut! Det er yver ei halv mil burtaat skogen!" Daa gjekk dei 3 brørne hans og 5 andre gitar ut med honom, alle i helgeklædom, og kvite stavar hadde dei med seg. Og dei gamle dei log og ropte etter deim, og Valentin skrattad høgst; for dei tenkte som so: „Dei kararne sprengjer inga berg, dei kjem nok snart att.“

Men gutarne strauk fort burtyver engjemarka, og Klas fremst; for hugen brann i honom. Og dei hoppad og song og trallad, rett som dei skulde til gjestbods. Men daa dei kom so langt, so dei fekk sjaa skogen, daa vart dei still mest alle, og daa dei kom burtaat skogen, og dei hørde susen i dei høge treom og brusen av fjellbekkjom langt inni der, daa var dei inkje aa faa av flekken; berre Klas flaug inn. Han ropte aat deim, at dei skulde fylgje; men det hjelpte inkje; den eine sa det, og den andre sa det, og ingen vilde vera med. Daa ropte han aat deim, at dei var nokre stakars kroker; „men Klas Beintigjenom hev mod,“ sa han, og dermed sette han inn i tjukkaskogen

og oppigjenom mot bergom. Men dei andre sette heimatt nedyper marka, so snøgt dei kunde, og dei flaug som dei skulde havt kvar sit spøkjelse i hælom.

Men Klas han flaug inngjenom skogen han. Han var berre liten den stigen, han hadde aa fylgje, og krokutt attaat, og mange andre tok av til ymse leider; men han litte paa, at han var kjend, og so sette han avstad berg upp og berg ned, til dess han saag eika uppaa høgste pynten av skogaasen bøygje seg i vinden. Daa laut han stane han og, og daa han so i det sama hørde mange kgyrkjeklokkor langt undan og han reknad paa slagom, at det var 12, dei slo, daa var det inkje so stort modet i honom helder. Men daa kom han ihug det, som far hans tidt hadde sagt aat honom, at ein kar lyt halde fast paa det, som han hev sett sig fyre i ei god stund, og inkje som ei lauparbikkje taka hyven fat med rumpa millom beinom, strakst det er fare paa ferde, og dermed so ropte han: "*Beintgjenom*"! so det ljomad i skogen, og so sette han oppetter berget.

Snart stod han der, han nyst hadde set eika rugge paa seg. Ho var der inkje lenger; men kva var det, han saag nedfyre seg? Eit pannkakuberg so stort og so fagert, det luftad so godt, og det glimad so blankt i maaneskjinet! Daa tenkte inkje Klas seg lengje um, skal eg tru; han skaut hjartat upp i livet, let att baee augo, lettad seg paa tæom og ropte høgt: "*Beintgjenom, segjer Klas Omnstav*"! og so vaagad han spranget. Det

gjekk; der stod han nedpaa berget! Nei, han stod inkje; for han sokk nedigjenom, men so sagte, so sagte. Han vart inkje rædd; for det var nett, som han vart voggat, og han somnad og fekk slike underlege, gode draumar; han saag gamle Hans Valentin, og han log yver heile andletet so blid og nøgd og sa: „Det var rett, Klas!“

Daa han vaknad, var det myrkt ikring honom. Han kjende, at han laag i ei mjuk, god seng, paa putor so mjuke og fine, so han aldri hadde legjet so mjukt. Det likte han. Men han var svolten, og det likte han inkje. Daa tok det til aa ljøsne; daa kom han ihug gaarsdagen, og so sa han aat seg sjølv: „Eg lyt vera i pannkakuberget, elder so hev han Valentin logjet fyr meg; eg vil sjaa etter!“ Han reiv seg i augom, og strakst vart det ljøsare ikring honom; men det kom berre ein liten ljøske ovan til. Og glad vart han i augom og endaa gladare i hjartat; for kva trur du, han vart var? Jau, at han laag midt i pannkakuberget, og at gamle Valentin inkje hadde logjet fyr honom. Han var i eit kammers; der var seng og bord og stolar nett som heime, berre at det var mykje finare og vakrare. Nei, aa nei, for vakre tapet paa veggjom! Gjæser og ender og hønør og snipor og orfluglar og vaktlar og trostar og harar og hjortar og raadyr! Fuglarne var ribbad og dei andre dyra flaadde, og dei saag ut, som dei var steikte. Nei, det var inkje tapet; det luftad steikt! Jamen var det rigtige steikte dyr! Aa, so godt som det luftad fyr ein svolten

skrott. Og sjaa, der hekk tallikar og fat og knivar og gaflar inimillom! Det var paa den eine langveggen; han laut snu seg og sjaa, kva det var paa den andre. Jau, der var kakor og bakels og sukkerty og plomor og aprikoser og appelsiner og vindruvor og eple og pæror og neter og alt, som ei lystad tunge og ei graadug tonn kunde ynskje seg aa suge og snaske paa! Og i baae endom av kammerset stod rosetre og andre tre med vakre blommar og frukttre fulle med frukt, og inunder treom sprutte det upp kjeldor. Nei, skulde du set slikt! I den eine enden var det ei vasskjelde og ei ølkjelde, og i den andre var det ei mjølkekjelde og ei vinkjelde. Klas brydde seg inkje stort um vasskjelda og ølkjelda; han heldt seg til mjølkekjelda og vinkjelda. Ja, det var eit rart kammers. Men det raraste var, at alt det han aat, og alt det han plukkad, so voks det til att, og mjølkekjelda og vinkjelda dei minkad inkje stort, alt det han drakk. Ja, um ein heil her baade hestfolk og fotfolk hadde etet og drukket i pannakuberget i 1000 aar, det hadde endaa voret nok att.

Og Klas han aat og drakk som ein kar. Han var vakjen 5—6 gonger um dagen, og daa aat og drakk han dugeleg kvar gong; so somnad han att strakst. Soleis gjorde han inkje annat enn eta og drikke og sova. Um næterne sov han i einingen fraa tidleg paa kvelden til seint um morgonen. Han saag inkjenokot i det halvmyrke kammerset, som minnte honom um det, han hadde upplivt

uppe paa jorda; det vart burte fyr honom mest alt ihop. Berre far sin kom han ihug ein og annan gongen og den trauste Valentin og den blide gamle skulemeisteren; men dei stod fyr honom berre som ein draum dei og. Ein ting gløynde han aldri lel, som han hadde lært heime: kvar gong han skulde eta, lagde han fysst ihop henderne og bad. Den bøna, han brukte, var inkje lang — han kunde berre ei —; ho lydde soleis:

Kjære Gud,

maten sign!

Du, som raar

fyr alle ting!

Naar han sov, drøynde han støtt, og daa kom alle eventyra og segnerne hans Valentin so livande fram fyr honom, og han livde deim uppatt; han var støtt med sjølv og gjorde svære helteverk; han slo ihel drakar og risar, han sprengde baade jarnportar og diamantportar, han fridde ut prinsessor, og so tilslutt vart han konge.

Soleis livde Klas eit lystugt og morosamt liv i pannkakuberget sit. Fem aar gjekk som ein dag, og med han aat og drakk, sokk han djupare og djupare ned; kammerset fylgde støtt med. Daa hadde han væl og vakkert etet seg igjenom trollberget; for eta seg igjenom laut kvar den, som flaug derinn, det hadde Valentin sagt; ellest kunde han aldri bli løyst utor berget. Kan du no rekne ut, kor mykjet han hadde etet og drukket i denne lange tida, daa er du god og klokare enn eg. Han aat sagte mindst sopass som 10 av dei sværaste

etarom og drikkarom. Og det hadde inkje gaatt til spilles; han var vorten ein fullvaksen kar, baade stor og sterk som ei kjempe.

Daa dei 5 aara var gaatt, og Klas hadde etet seg igjenom mest utaat kanten av berget, somnad han hardt og fekk slike rare draumar. Daa han vaknad att, var han dotten utor berget. Men korleis det hadde gaatt til med di, visste han inkje sjølv nokor greie paa; so hardt hadde han sovet.

3. Klas kjem i fare.

Heime i Dymmelshusen hadde det inkje hendt nokot vidare, sidan Klas vart burte. Foreldra og systkjena hans livde enno allesaman. Det hadde voret stor sorg etter honom. Den, som det gjekk hardast innpaa, var fa'ren; men han let inkje nokon sjaa det; han bar det fyr seg sjølv. Den gamle ærlege Valentin hadde inkje havt ei glad stund sidan; inkje eit eventyr var komet yver lippa hans; han, som fyrr var so lystug og skjemtefull, mælte mest inkje ordet no. Mo'ra hadde no og latet honom høyre ille fyr segnerne hans; det var dei, som hadde valdet al denne ulukka, sa ho. Han vilde flytja; men Peter vilde inkje gje' honom lov. „Han Valentin hev delt sorga med oss“, sa han; „han skal dele brødet med oss og, so lengje han liver.“ Um Klas vart det mest aldri rødt, og dei fleste meinte, at han kom nok aldri att meir her i livet. Berre Valentin og Peter rødde sume gonger seg imillom um honom; dei kunde inkje sleppe

vona, kanskje han kunde koma att eingong lel. Og sjaa, vona sveik deim inkje; for Klas han kom nok att han.

Daa Klas vaknad, laag han inkje i den mjuke senga lenger, men i grøne graset, og han saag att eika, som han kjende so væl, og det høge fjellet, der han hadde gjætt krytrom so mang ein gong, og skogen og engjemarka nedanfyrr og landsbyarne og kyrkjetorna. Det var gamle kjenningar han saag, kor han snudde seg, og dei 5 aara, han hadde livt i pannkakuberget, var berre som ein draum, og det kom fyrr honom, som det var berre ei natt, han hadde voret burte, og at han hadde somnat der, og no var det morgonen, og lerkorne hadde sungjet honom vakjen. For det var nett ein fin vaardag, han hadde etet seg igjenom og dottet utor berget.

Klas vart inkje lengje liggjand i graset og gapa; han hadde seg snøgt upp og flaug som ein vind nedgjenom skogen og yver marka radt heimatt aat farshuset. Daa han kom inn i stugu, stod foreldra og systkjena hans og Valentin rundt um bordet; dei hadde lagt ihop henderne til bøn; for dei skulde til aa eta dagverden. Han stelte seg burtaat deim. Men daa dei saag denna store vakre karen — han var mest eit halvt hovud høgare enn Peter, og nye klær hadde han paa seg — daa stirad dei paa han alle og bukkad; for dei meinte, det var ein framand ein. Men han tok ikring deim den eine etter den andre og tryste deim innaat seg og kjsyste deim og sa: „Det er han

Klas; eg er komen utor pannkakuberget att“. Daa kjende dei att honom, og dei vart baade forundrad og glade, for han hadde vortet so stor og staut ein kar.

Men so tok dei til aa spyrja, koss det hadde gaatt honom dei 5 aara og 3 maanaderne, han hadde voret burte. Og paa ei lita stund hadde heile landsbyen flokkat seg ihop der fyr aa sjaa Klas Omnstav. Og alle, so var det fysste dei sa: „Aa, kjære Klas, fortel, koss du hev havt det! Og korleis ser det ut i pannkakuberget?“ Men han visste inkje stort aa segja um det so med det sama; det stod som i ei skodd fyr honom, som det hadde voret berre ein draum, og slikt kom det fram, daa han fortalde, so sume meinte, han hadde inkje voret i pannkakuberget; han hadde fell rømt heimantil, meinte dei, og no var han attkomen, og so hadde den sløge skulemeisteren funnet paa detta um pannkakuberget, so folk skulde tru, at han inkje hadde rømt. Men dei fleste trudde no paa det lel og tykte, det var morosamt aa lye paa det, han fortalde: um kammerset, som var klædt med steik og kake og frukt, og um mjølkebrunnen og vinbrunnen, som silrad og rann støtt. Og so sterk og vakker han var, rau i kjinnom og med eld i augom, var det greitt aa sjaa, han hadde inkje svoltet den tida han var burte. Men naar han fortalde draumarne, han hadde havt, daa stod dei og glaapad berre dei og.

Klas var paa 18de aaret, daa han kom uppaa jorda att. Han skjynad godt, at det laut bli eit

annat liv no enn i berget, og so tok han til og arbeidde, og det so det hadde lag; det synte seg, at han hadde baade senar og knokar. Han hjelpte far sin med aa pløgje og saa, braut upp stein, hogde ved, slo og skar, og still og smaalaaten gjekk han med alt sit arbeid, endaa han gjorde so mykjet som tri andre. So vart far hans byrg av honom, kan de vita, og gamle Valentin tykte, at han var ein gjild kar. Men fyr mora var han for still og endefram; han hadde inkje slik skjikk paa seg og var inkje so fyre seg som dei andre borna, meinte ho; men ein frisk og vakker gut var han alltid lel. Det var no sagte inkje mange ord held i honom Klas. I dei 5 aarom, han hadde setet i berget, hadde han gløymt mest alt det, han hadde lært i skulen, so nær som den bøna. Men lydug og audmjuk var han under alt sit arbeid, gjekk aat kyrkja saman med andre kristne, heldt alle helgdagar i ære og var kjærleg og god i alt sit umgjenge.

Soleis gjekk 2½ aar til, og Klas var vorten endaa sterkare baade i armar og leggjer og endaa vakrare. Daa hendte seg det, som hende seg skulde, fyr at han skulde vekse utor bondekufta og naa den høge æra, som Gud hadde ætlat honom.

Han gjekk med far sin aat skogen fyr aa hogge ved. Dei hogde paa kvar sit stelle, nokre hundre alner fraa einannan, so det var inkje meir enn sovidt dei høyrde øksehogga aat einannan. Daa det leid um eit par timar elder so, høyrde Klas braatt som eit skrik fraa det stellet, der

Peter heldt paa. Han skundad seg og flaug dit, og daa fekk han sjaa 4 grønklædde karar heldt paa med far hans; dei hadde bundet ihop henderne hans paa ryggen og jagad honom framfyr seg med svolkar. Daa vart han harm og flaug burtaat og sleit sund banda og skumpad kararne undan og spurgde deim, kvifyr dei gjorde slikt. „Jau“, svarad dei, „du kjem nett til høves; for no skal vi gjera likeins med deg og; de er tjuvar baee tvo, de hogg paa framand grunn; for dette er skogen aat naadigherren, og vi er jægarne hans.“ Det hjelpte inkje alt det Peter og Klas sa, som sannt var, at det var inkje skogen aat greven, men aalmenningen, som høyrde landsbyen Dymmelshusen til. Dei var so grove, so dei batt gamlen ein gong til, og dei vilde til aa binde Klas og. Men daa tok sinnet honom. ”Beint-gjenom!” skreik han, so det gnall i skogen, og dermed slo han ikring seg med øksa og hogde deim ned alle fire, so dei laag daue paa flekken. Han bad far sin, at han inkje skulde taka seg nær av di han var vorten skamskjellt slikt, og han gjekk med honom heim, og der fortalde han beint ut aat alle, kva som hadde gaatt fyr seg i skogen millom honom og jægarom.

Men det, han og far hans sa, vart inkje trutt, og det kom ut det ordet, at han hadde eglat seg innpaa jægarne og drepet deim. Greven vart harm og sendte 100 mann med spjut og stenger aat Dymmelshusen fyr aa taka Klas og setja honom fast. Klas kunde nok bergat seg fyre deim; men

han vilde inkje setja seg til motverje. Han gav seg godviljugt og sa berre: „Styresmagta skal ein lyde; Gud vil nok lata uskuld og rett koma fyr ein dag.“

So førde dei han aat kjøpstaden, der greven budde, og kastad han i eit myrkt fengsel, der korkje sol eller maane fekk skjine, og dei sette paa han lekkjer baade paa hender og føter som paa den argaste illgjerningsmann. So sette dei streng rett yver honom og dømde honom fraa livet, fyrdi han hadde brotet landsfreden og gjort grovt mord. Og so reiste greven upp ein ny galgje utanfyr stadsporten, 50 alner høg; i den skulde Klas Omnstav hengjest. Dagen etter at galgjen var ferdig vorten, skulde domen bli utført. Den dagen kom det farand i tusenvis med folk, fraa alle leider; for ordet um honom var komet ut vidt ikring, kor makalaus sterk og vakker ein kar han var; det med pannkakuberget var ogso vortet uppatthavt og mykje rart attaatsett.

Tidleg um morgonen, som sola rann, vart Klas ført ut gjenom stadsporten. Han bar dei tunge lekkjerne so lett, som hadde dei voret av halm. Han gjekk med fritt mod og klaart andlet, for han hadde bedt, og han sette si trøyst til Gud; for han visste med seg sjølv, at han inkje nokot vondt hadde gjort med sin gode vilje. Taarorne rann av augom paa alt folket, fyrdi so vakkert og ungt blod skulde døy. Men mest gret kvindfolket, og dei unge gjentorne jamrad seg yver al maate; dei er no støtt dei hjartemjukaste dei.

Men daa Klas vart ført burtunder galgjen, og prestarne stod ikring honom med korset i hand og talad aat honom og song salmar, daa var det inkje graat berre; alt folket snyktad og storylte rundt ikring rettarstaden. Det var ei ung kona der; ho skumpad seg fram gjenom hopen og vart standand midt framanfyre Klas, so ho kunde sjaa honom inn i andletet. Ho ropte so høgt, so dei hørde det alle folk og han med: „Aa, um denna no gjorde med bødlom, som Samson gjorde med Filistarom, og sleit sund banda sine!“ Daa kom Klas ihug soga hans Samson, som han hadde høyrte i skulen, og han tenkte: „Freiste det kan du fell, um det skulde vera Guds vilje.“ Og han spennte senarne og samlad aat seg al si kraft og ropte full av harm: *”Beintgjenom!”* Daa rauk jarnlekkjerne, nett som dei hadde voret av traad, og han for fram tvertigjenom bødelhopen og soldathopen og slo ned til høgre og vinstre alt, som kom i vegen fyr honom, med dei velduge nevom sine. Og folket heiad og ropte: *”Beintgjenom, Klas!”* og Klas flaug som ei pil yver sletten og inn i skogen, so dei, som sette etter, inkje var god til aa naa atti honom, korkje dei, som flaug, elder dei, som reid. Dei hadde fell inkje so stor hugen paa aa gje’ seg i kast med honom held; dei hadde spurt, koss det var gaatt med dei fire jægarom, og no hadde dei sjølv set, kva knokarne og senarne hans dugde til, daa bødlar og soldatar og alle, som stod honom i vegen, hadde lotet stupe fyr nevarne hans. — Alt folket sette i eit

glederop, fyrdi han var undansloppen. I Dymmelshusen og vart det snart spurt detta, og foreldra og systkjena rettad seg uppatt; du kan vita, dei hadde voret nedaatgjorde av al den skam og sorg, som var yver deim komet. Og Peter lagde ihop henderne og bad: „Gud, du er rettferdig! Klas er ingen mordar. Han hev berre vart meg og seg sjølv mot urettferdig vold.“

Daa Klas var inn i skogen komen, kjende han seg trygg; her kunde dei inkje setja paa honom alle paa ein gong. Han gjekk no berre smaatt og høyrde so reint lognt paa, korleis dei bannad og rasad rundt ikring honom, fyrdi dei inkje fann honom. Han hadde brotet seg ei tjukk knultrutt eikegrein og lagat seg ein gjild lurk. „Dei kan berre koma,“ tenkte han; „10 elder 20 skal inkje gjera meg nokot, naar Gud inkje er meg imot.“ So heldt han fram og gjekk, alt til det vart natta; daa føkk han seg hus hjaa en kolbrennar. Andre dagen dreiv han paa att og gjekk, til han naadde dei store sandsletterne millom Vesper og Elben; dei røkk kav nord aat havet. „Her lyt du agte deg“, tenkte han, „for her kan dei koma bakpaa deg i flokkevis“. Difyr tok han taa vegen og heldt seg der det var skog og myr, og han tok inn til folk, som budde einslegt der i skogen: gjætarar, kolbrennarar, mylnarar og slike. Soleis for han til paa femte dagen. Daa saag han fyste gongen i sit liv havet. Han tykte, det var eit stort syn, og han fall paa kne og bad og takkad Gud, at han hadde hjelpt honom dit. Men enno

visste han inkje, kva det ventad honom der, — kva havet skulde gjera honom til.

4. Klas i lag med vikingom.

Klas var komen nedaat der, som Elben stor og brei renn ut i havet. Han gjekk frammed elv-kanten burtimot nokre skjip, som laag eit langt stykkje lenger ute. Det var nett fjøre sjø, og stranda var reint flat. Klas, som al sin dag hadde livt langt inni landet, kjende inkje til det, som heiter flo og fjøre, og som han no gjekk i sine eigne tankar der frammed vatnet, ansad han inkje paa, at vatnet voks, og soleis bar det til, at han braatt saag seg kringfløytt av vatten, som naadde honom yver beltet. Daa skundad han seg alt det han kunde burtaat skjipom — dei var inkje langt undan — og tok ei lang stong, som kom flytand, og studde seg paa. Han vod so langt, at han hadde att berre 20—30 alner aat det næmaste skipet; men daa vart det for djupt. Daa tok han i stonga og ropte: "*Beintgjenom*"! og bykste seg midt uppaa skipet. Folket, som var nedi romet, vart forfælde fyr braket, for det dundrad, som det skulde voret ein toreskrell og lynelden hadde slegjet ned. Dei flaug uppaa dekket, og dei vart inkje lite forundrad, daa dei saag denna store og rauslege karen stod der med ei lang stong i handa. Dei spurde honom, um han var ven elder uven, og um han var heidning elder kristen. Han var inkje meint paa nokot vondt, svarad han Klas,

og kristen var han. Daa gjekk dei fram og handtokst med honom allesaman, og ein kom med ei skaal med mjød og baud honom vælkomen. Han drakk fysst og sidan alle dei andre, ein etter ein; det skulde vera fredsskaala.

Det var 50 mann paa skjipet, sterke grovbygde karar, ville og raae aa sjaa til. Klas hadde aldri set slike karar i det landet, der han aatte heime, og han hadde fell tekjet deim fyr røvarar og ukristne, naar han inkje hadde set korsmerkjet innhoggjet i masta og flaget deira var utskoret som eit kors. Naa, dei var nok kristne; men røvarar var dei og. Det sa dei honom og beint fram, daa han hadde fortalt deim, koss han hadde fritt seg fraa galgjen. Fysstnads hadde dei set lite vondt paa han, som um dei inkje hadde so rett tru aat honom; men dei ville andleta vart blidare og blidare, til meir han fortalde, og daa han var ferdig, steig hovdingen deira fram og rekkte honom handa og sa: „Vælkomen, Klas! Slike folk hev vi bruk fyr. Du skal vera vaar bror og dele ære og vinning med oss.“ Og so fortalde hovdingen honom, at dei kallad seg vikingar, at dei var av Frisarfolket og aatte heime paa øyar og strender der nord, og dei livde mesta av røving; dei tok det sjøen og heidningelanda gav deim, men kristne folk gjorde dei aldri mein. Daa Klas hørde det, at dei let dei kristne vera i fred, slo han til og gav seg i lag med deim, endaa det var inkje fritt han tykte, det var uhyggjelegt selskap han var komen i.

Klas var snøgg paa aa lære, koss ein skal fara aat med aa styre ror og segel. Han fekk no vaapen og, og snart stod han der fullt rustad som ein retteleg viking. Han hadde staaibrynje og jarnhjelm og eit rundt kuvutt skjold; i høgre handa hadde han ei kvass stridsøks og ved vinstre sida eit sakssverd. Kastespjut og stenger laag i haugvis paa dekket, so kvar kunde taka og bruke deim, som han vilde, naar fienden kom. Svære staaibogar og piler var det og mykje av; deim kunde Klas godt med aa handtere, for han hadde jamnan voret ute paa jagt med far sin i dei sidste aarom. Han spennte den sterkaste bogen so lett, so dei andre vart annars ved, og daa han so gjorde uppatt sama bykset, som han hadde gjort hin gongen fraa stranda burtpaa skipet, daa ropte dei hurra fyr honom og sa, at han var ein makalaus kar.

10 dagar etter hadde dei upp seglet og sette kursen ut til havs; dei vilde gjeste heidningeøyarne derute. Daa stod det mang ein hard strid baade tilsjøs og frammed stredom, og mangt eit heidningeskjip vart bordat og folka ihelslegne elder fangad. Det var inkje lengje, so kom dei heim med mykje sylv og gull og selde godset og fangarne. Klas hadde alt — inkje lenger tida han hadde voret med — vunnet seg eit namn paa sjøen; for, kvar gong det barst til og dei skulde slaast, so ropte han med sit sterke maal: "*Beintgjenom*"! so modet sokk i fiendom og voks i venom, og so vart sigeren jamnaste lett vunnen.

Difyr bad mannskapet hovdingen um, at han skulde faa lagat til ein kjempekropp med ei lang stong i framenden paa skipet og skrive med gullbokstavar "Beintgjenom" paa munnen hans, og det gjekk hovdingen inn paa, endaa han i sit innste ovundad Klas den æra. Og Beintgjenom vart det mest namnspurde skipet yver heile Nordsjøen og Østersjøen, og dei likaste kjempor strauk fraa sine egne skip og tok teneste hjaa hovdingen paa Beintgjenom. 6 maanader etter at Klas hadde bykst seg yver paa dette skipet, hadde det yver 200 krigsmenn istadenfy 50, og kor mykje det hadde vunnet i ære og age og rikdom staar inkje til aa faa sagt.

Eg kan inkje segja, at Klas var fullt nøgd med detta ville vidfarande livet; men han vantroivst inkje helder. Det var friskt fyr ein ungtut som honom derute paa havet, og det spræke sterke krigarlivet kveikte honom upp baade paa sjæl og skrott. Aa kri' mot heidningar tykte han inkje kunde vera nokot galet; for dei var arge og blodgjiruge røvarar, dei var støtt yver dei kristne med herjing og røving, der dei kunde, og førde folket med seg som slavar, og dei gjekk paa og øydelagde alle dei kristenskip, dei kunde raa med. Og so varad det inkje lengje held, fyrr Klas vart hovding paa Beintgjenom. Korleis det gjekk til, skal eg no fortelja.

Det var i det andre aaret, Klas var paa vikingferd. Dei hadde seglt langt, langt upp imot nord; dei hadde havt mangt eit hardt basketak baade

med fiendar og stormar, og no lagde dei tillands paa ei lita heidningeøy, der det budde nokre hundre menneskior. Dei livde i laake hyttor og nærde seg med sjøfugl og fisk, saag det ut til. Dei kom fredelegt og venlegt imot dei framande, som dei saag steig i land hjaa deim; dei bar med seg steikt fisk paa leirfat og baud fram mjødkanna; ingen av deim hadde vaapen paa seg. Men vikinghovdingen let blaase til strid og talad aat kjempom sine; „no lyt de halde dykk tapre!“ sa han. Han log, so det skrall, daa han sa det; for det var berre verjelause stakarar, dei hadde aa gaa paa. Dei stakars folka tok til palings uppaat hyttom sine og jamrad seg og skreik. Men daa kjemporne vilde lyde hovdingen og setja etter deim, daa flaug Klas braatt fram og lyfte øksa si og ropte: „Hald!“ So stelte han seg berrhovud framfyre hovdingen sin og bad honom, ja tiggad honom um, at han inkje skulde vælte slik svær skuld paa seg og gjera slik usæl og ukristeleg gjerning mot verjelause menn og kvinnor og born. „For“, sa han, „er dei berre heidningar, som inkje veit um den livande Gud og Jesus og hans frelsargjerning, so gjer vi oss til mykje verre heidningar, naar vi fer so hjartalaust aat.“ Men detta tolde inkje hovdingen; han vart sinnt og baud dei andre, at dei skulde taka upprøraren og binde honom. „Kven vaagar det“? sa Klas; han studde seg aat stridsøksa si og saag harm ut. Daa stod dei alle still, og ingen vaagad det. Hovdingen kravde deim fyr andre gongen til aa gjera det,

og daa vart det ei murring millom mannskapet; men nokre steig fram fyr aa leggje hand paa han Klas. Daa kunde inkje Klas halde seg lenger. "Beintgjenom"! skreik han og sette beint paa hovdingen, med lyft øks. Han lyfte verja si imot; men det hjelpte inkje; for med eit hogg var hovudet hans klovet i tvo. „Han der hev faatt si løn som forskjyld!“ ropte Klas; „den, som er kristen, koma hit aat meg!“ Daa gjekk yver det halve av mannskapet yver aat Klas; men dei andre var harme, av di han hadde drepet hovdingen, og greip vaapna og vilde hemne honom. Men Klas ropte andre gongen: "Beintgjenom"! og dei stod, som dei var fjettrad av lynet. So bad han deim alle halde fred og greidde ut fyr deim, at det hovdingen hadde kravt deim til, var baade ukristelegt og umenneskjelegt, — at kristne laut vera spakvorne og miskunnsame og inkje flekke henderne sine med skuldlaust blod, um det so og var heidningeblood; „for Gud er skapar og far fyre heidningom og,“ sa han. Daa rann taaorne ned yver andletet paa dei harde karom. „Du hev voret Guds reiskap til aa felle den hardhjärtad hovdingen,“ sa dei, og dei ropte alle som ein: „Du, Klas, skal vera vaar hovding“! Soleis vart han hovding fyr 200 mann.

No heldt han streng kristeleg tukt, og kvar, som inkje vilde bøygje seg fyr den, vart jagat fraa skjipet forutan prut. Kvar den, som for ille med kvinne elder verjelaus mann, laut dangle i mastetoppen; det var inkje bøn fyre di. So for

han som fyrr mot heidningom og renskad havet fyr røvarskjipom deira og løyste mange kristne utor fengsel og trældom. Og mange stader, der fyrr heidningeskapan hadde raatt, plantad han det helige korset, og ved si rettferd og kjærleike fekk han mange heidningar til aa bli kristne. Soleis voks namnet hans vidt utyver, og dei gjævaste kjempor flokkad seg um han fyr aa tene under honom, og andre aaret etter han hadde vortet hovding, raadde han yver 20 skjip og 5000 kjempor. For han var slik ein real og gudfryktig kar, og det stod age av hans mod, og i styrkjen fann han aldri sin yvermann. Mot eit hogg av hans øks elder stikk av hans spjut kunde ingen smed smide skjold elder panser sterkt nok.

5. Han Klas bli konge.

Daa bar det so til, at han vilde segle aat Island; men daa dei mest var framkomne, kom nordanvinden so hardt yver deim, at dei vart attende drivne aldri so langt, og sidstpaa kastad stormen deim inn paa stranda paa ei stor halvøy. Det var Jylland. Der hadde det seg den tida slikt, at berre det halve av landet var kristnat. Yver den andre helvta raadde ein heidningekonge, og nokre maanader fyrr Klas og hans kjempor kom, hadde heidningekongen fellt kristenkongen og lagt heile landet hans under seg. So drog han aat slottet og fangad dronninga og dotter hennar, ei kongsdotter so væn, at makjen

inkje fannst, um du leitte baade nord og syd. No vilde heidningekongen gjera henne til si; for daa saag det ut, som landet var hans med retten, og han litte inkje trygt paa, at folket vilde lyde honom ellest. „Ho er glad til, at kongen i landet vil vera mannen hennar,“ tenkte den krye valds-herren. Men ho vilde inkje vita av honom, og daa han endaa inkje vilde gje' seg, men tok til aa truge, daa kallad ho han ein villtyrk og ein heiden blodhund. Daa vart han so vond, so han svor paa, at ho skulde faa ein pinefull daue, og so let han føre ihop ved paa ein slett eit litet stykkje fraa slottet, der prinsessa sat fangad; der skulde ho brennest livande paa baal som den argaste heks.

Men Gud vil inkje lata den vonde faa viljen sin, og no lagad han det slikt, at Klas med dei fleste av skjipom sine vart i land driven nett paa detta stellet og nett i sama stunda, som den stakars kongsdottra skulde døy. Han vart var, det var so mykje folk deruppe ikring slottet og ute paa sletten; han saag varmen og hørde staaket av vaapnom og trompetblaast og annan krigsmusik, og so spurde han ein, som stod der, kva alt detta staaket og styret og alt detta krigs-folket skulde vera til. Jau, so talad han um det denne andre — det var endaa ein kristen mann — og fortalde honom, at um ein halv time skulde kongsdottra førest dit og ynkeleg brennest paa baalet, „og det er raadlaust aa frelse henne“, sa han, „for heidningekongen hev yver 10,000 krigs-

menn med til aa fylgje henne aat baalet og halde vakt der.“ Mannen tok til aa graate saart, daa han hadde fortalt dette. Men Klas vart rau som blod av medkjensle og harm og sa aat mannen: „Det forbyde Gud og mit gode sverd, at kongsdottra skal døy!“ Og so ropte han: *„Beintgjenom“*! so det skrall og hørdest yver heile stranda og krigsmennerne hans dei kjende nok det ropet og visste, kva meininga var med det; i ei snøggvending stod dei der samlad ikring honom, vælso 3000 i tal. Daa ropte han aat deim: „Upp gutar! Kjekt fram med kristenfolket sin Gud! Lat oss frelse prinsessa og dei kristne fraa dei arge heidningom! Um det er 10,000 av deim, so er vi van ved aa slaast ein mot fem. Friskt upp daa! Gud ser paa hjartat og inkje paa folketalet!“ Og so sette han enno ein gong i og skreik: *„Beintgjenom“*! og som eit lyn for dei upp aat baalet, nett som prinsessa vart ført ut gjenom porten, kringsett av sverd og spjut. — Daa Klas let blaase i krigsluren, tok heidningarne til aa blaase i trompetarne sine, og baae herarne sette kvast paa einannan. Men Klas og hans „Beintgjenom“ vart heidningom for sterke. Dei fall fyr honom og hans vikingar, som havren fell fyr skjyru, naar aakeren er fullkomet skjær. Og daa dei kristne derifraa byen og landet saag, at Klas fekk yvertaket, daa fekk dei mod og sette paa heidningarne dei ogso fraa alle leider, og um ei lita stund laag heidningekongen der ihelslegjen med alt sit folk, so nær som nokre faae, som tok prinsessa med

seg og paa dei fljotaste hestom flydde inn i slottet att. Nokre timar etter gav dei upp slottet og prinsessa mot aa faa liv og fritt lov til aa fara burt; det gjekk Klas inn paa, fyrdi dei var so faae.

Det vart sagte glede paa alt kristenfolket, daa Klas drog inn i slottet. Dei takkad Gud med hjartaleg lovsong, fyrdi han hadde tuktat heidningarne og frelst kongsdottra utor elden. Den gamle dronninga og den frelste prinsessa møtte honom i slottsporten. Dei priste si lukke, at dei hadde faatt slik ein mann til hjelpar; dei hadde høyrte, han hadde ropt: „Beintgjenom“! og av di hadde dei skjynat, kva det var fyr ein helt, som hadde stridt fyr deim. Dei tok honom ved armen og førde honom oppyver slottstrappa. Dei vilde ha han til aa gaa inn fysst; men det vilde han inkje; han bukkad seg djupt fyr deim, som det samar seg ein riddarsmann og vilde gaa attanfyre. Det vilde dei slett inkje lata honom faa lov til; men den gamle dronninga sa: „Kor finnst den prinsessa, som inkje vilde rekne det fyr den største æra, naar slik ein mann leidde henne inn under sin arm?“ So laut han daa gjera, som ho sa; han baud prinsessa armen og førde henne inn i salen, og so vart han bedt til bords med dei tapre krigsmennom sine. Dei fekk herbyrge i slottet og.

Men dronninga tenkte ved seg sjølv, og raa-darne hennar kviskrad henne det sama i øyrat: „Kor finnst ein mann, som kan føre kristendomen

si sak fram og tukte heidningeskaper nedaat slikt som denne? Hev inkje Gud blaaset honom hit som ved eit under og gje't oss honom til konge og frelsar fyr folket?" Og so tenkte ho paa dotter si; men det heldt ho fyre seg sjølv. „Gud vil nok lata det skje, um so skal vera," tenkte ho. Og Gud let det skje, fyr at det skulde bli oppfylt, som Valentin hadde sagt, at den, som aat seg igjenom pannkakuberget, han skulde eingong bli konge.

Medan kvilte Klas seg ut i slottet. Men fyrr det vart ljost um morgonen, var han uppe att og ropte paa mennerne sine. Daa vart det ein styr og eit staak i slottsgarden, so dronninga og prinsessa vaknad. Daa dei fekk visst, at det var Klas, som vilde aat skipom sine att, vart dei reint forfærde. No torde inkje dronninga drygje lenger. Ho skundad seg aa klæ paa seg, slengde um seg skarlakskaapa si og gjekk inn i kammerset aat Klas fyr aa tala ved honom.

„Kjære herr Klas," sa ho; „kva er det, du tenkjer paa? Kva er det fyr sorg, du gjerer oss? Vil du stryke fraa oss so braatt og inkje lata oss faa takke deg eingong? Vil du lata det helige korset og kristendomen og dei kristne her bli att verjelause? Og kongsbarnet, som du nyst bergad fraa elden og heidningestalet, — vil du no gaa ifraa henne? Ja visst ligg heidningekongen og heren hans slegjen, til føde fyr ramnom; men enno bur det mange heidningar ikring oss, og det er mange morske søner og skjyldingar etter

honom, og dei vil koma og hemne honom, naar du er burte. Daa bli vi reint hjelpelause og lyt liggje under att; for kongen vaar er daaen og dei beste mennerne vaare, og vi hev ingen son, ingen bror, ingen brudgom til aa taka septeret og sverdet, naar det gjeld. Var det det, Gud meinte, daa han let sin vind blaase deg hit, at han berre vilde lata oss falle endaa djupare i ulukka? Var det inkje helder det, han vilde, skal tru, at du skulde vera hovding og konge fyr dei kristne her imot heidningom, at du skulde vera fyr meg ein kjær son og fyr prinsessa, dotter mi, ein tru- fast husbonde? Jau, det vilde han, og det vil eg; difyr er eg so tidleg uppe idag, difyr kjem eg hit aat deg, difyr bed eg deg um dette.“

Klas kjende seg reint som han var umskapt, daa han hørde detta. Han hadde huglagt prinsessa fraa fyste stund — ho var no og den vænaste i verda paa hans tid — og han hadde ynskt seg, at ho maatte bli hans. Men so kom han ihug, at han var son aat ein skulemeister og ho kongsdotter. Daa knytte han henderne og sa aat seg sjølv: „Klas, Klas, fyr ein tull du er! Her nyttar deg inkje dit beintgjenom det bidige slag!“ For med alt det store han gjorde, var Klas støtt liten i eigne tankar og gav Gud æra fyr alt. At han var ein vakker og riddarleg ung kar, visste han inkje um sjølv. So laut han gje' upp slike voner; likso godt daa aa fara burt so snøgt som moglegt, inkje taka farvæl eingong. Difyr var det, han hadde vekt mennerne sine so tidleg um morgonen

fyr aa draga ned aat skipom sine att og so til havs og gløyme den fagre prinsessa og alt ihop. Men no kom dronninga med ord, som inkje motmæle tolde. Klas kunde mest inkje svara; han kunde berre bukke seg og bli rau og tegja. Men detta gjorde han soleis, at dronninga vart glad; for ho skjynad no, at han inkje vilde stryke sin veg, og so tok ho til att:

„Ser du no, kva meining Gud hev havt med deg? Han vilde syne, at han kan gjera dei ringaste store, medan han, naar han vil, kan lata kongetronar ramle ned og taka baade rike og liv fraa dei, som er fødde til aa sitja paa deim. Han hev gjort deg baade audmjuk og modig, han hev gje't deg slik dugleik, slikt mod, slik lukke, at du nemnest ein mann millom dei beste menner. Di riddarferd hev gjort deg jamngod med kongar, og dit beintgjenom er sterkare enn ein her. Difyr vil eg inkje høyre meir av det snakket, at du er fødd i ei bondehytte og vi i eit kongsslott. Kom no!“

Og so tok ho honom ved handa, og han vart lydug og still som eit litet barn og let seg leide av henne, kor heldst ho vilde. Men ho førde honom inn i kammerset aat dotter si og lagde ihop henderne deira og vælsignad deim.

No fekk skjipa kvile ut i vika, og ingen saag etter vinden, ingen tenkte paa segl elder tog elder ror; alle var dei med og pyntad til høgtidsdagen hans Klas. Um nokre vikur stod bryllaupet med stor stas; den fagre prinsessa tok Klas Omnstav

til mann, og fraa den dagen heitte han kong Klas av Jylland.

Mang ein glad dag livde no kong Klas med den unge dronninga si paa farsslottet hennar; det stod, der no den staden staar, som heiter Slesvig. Men han lagde seg inkje paa latsida fyr det, um han no hadde det godt; han rustad seg av al si magt til krigen mot heidningom; for dei kunde inkje gløyme honom det, at han hadde felkt kongen deira, og no vilde dei taka hemn. Det vart ein lang og hard strid; men enden vart, at heidningarne laag under, og Klas vart konge yver heile den store halvøya og alle øyarne omkring.

So var det i andre aaret etterat han hadde felkt heidningekongen og gjift seg med prinsessa — han hadde lagt under seg alt landet aat heidningom kav nedaat Elben, og allestader hadde han reist frelsarens kors istadenfyr dei utkrotad avgudsbilætom av stein og tre — daa stod han eingong nedmed stranda aat Elben, og han syntest han saag langt undan paa burtre sida det stellet, der han eingong med stonga hadde bykst seg yver paa vikingeskjipet. Daa steig heile den underlege livsferda hans fram fyr augom hans, og han fall audmjukt paa kne og bad og takkad Gud, fyrdi han hadde bergat honom utor so mang ein fare og paa slik utifraa vis gjort honom til konge og herre yver land og folk. Men det stellet, der han stod, kallad han Glückstadt („Lukkestad“), og der bygde han eit slott og ein stad; dei staar enno den dag idag som eit minne fraa hans tid.

No var han 26 aar gamal, og det var 6 aar sidan den morgonen, daa han flaug ifraa galgjen, der han so uforskjylt skulde vortet hengt.

Tidt og ofte kom han ihug deim der heime i Dymmelshusen, foreldre og systkjen og vener; han saknad deim og lengtad svært etter aa faa sjaa deim att, og daa no heidningarne var vortne knekte og riket trygt, daa drygde han inkje lengje, fyrr han gav seg paa vegen aat deim. Han tok med seg dronninga si og 1000 mann; for kongelegt fylgje laut han ha. So drog han yver Elben og sydetter. Fire dagar for dei; daa det graanad av den femte, kjende Klas att seg; han hadde inkje langt heimatt. Daa let han mannskapet sit bli att; berre nokre sveinar tok han med seg og reid frametter med dronninga si. Det var ved middagsleite — klokka slo nett 12 — daa dei reid inn i Dymmelshusen. Dei reid beint fram til huset aat far hans i dragande renn; for dei vilde inkje, at nokon skulde bera bod um deim, fyrr dei kom sjolve. Daa dei naadde fram til huset hans Peter Omnstav, slengde kong Klas seg snøgt av hesten og ropte lystugt: "*Beintgjenom*"! so det skrall yver heile landsbyen. Peter og dei andre sat nett ved middagsbordet; men daa han hørde dette ropet, flaug han ut. Der saag han ein mann og ei kona; dei hadde gullkronor paa hovudet baae tvo. Han skjynad strax, at det var sonen hans. „Gud skje lov, at du er her att!“ sa han. „Og no er du vorten konge! Vi hev nok spurt det fyrr; men dei hev inkje viljat tru,

det var sannt; di eiga mor vilde inkje tru det. Berre eg og Valentin vi trudde det strakst; for vi visste so væl, at det laut bli nokot framifraa av deg.“ Medan var ogso Valentin og mora og systkjena komne ut, og det vart ei glede og ei spyrjing, som ingen ende vilde taka. So bar det inn med deim, og kong Klas og hans dronning sette seg og aat ved bordet til dei gamle, og det smakad deim godt. Men daa dei hadde etet og hadde reist seg fraa bordet, daa kviskrad gamle Peter i øyro paa Grete: „Naa, Grete, vart inkje Klasen min den rette Klas? Kor mykje meir trur du, det hadde vortet av Johannesen din?“ „Aa nei“, svarad Grete og log; „det var nok likaste, han fekk heite Klas lel.“

Det vart sagte uppstuss i Dymmelshusen og der ikring, og endaa meir vart det, daa heile mannskapet hans Klas kom etter. No vart dei mjuke i ledom dei, som fyrr hadde vanvyrdt honom mest. Naadigherren, greven, kom alt ifraa kjøpstaden; han gjekk inn i huset aat skulemeisteren; han bøygde seg so djupt baade fyr honom og fyr Klas og bad deim tilgje' seg. „Det er inkje meir aa taka seg nær av det,“ svarad Klas; „Det vart til det gode. Men kom ihug, at den, som hev magt, lyt vera rettferdig og god.“

Klas vart verand mange vikur hjaa foreldrom sine, og det var glade dagar fyr deim alle. Daa han laut reise att, gav han deim og systkjenom og grannbornom store gavor. Men gamle Valentin tok han med seg. „Kjære Valentin“, sa han;

„du skal fortelja morosame segner aat sonom mine ogso, um korleis ei menneskje — naar han hev god vilje — med Guds hjelp kan bli til nokot, so det kan bli bra og modige karar av deim.“ Valentin vilde gjerne fylgje med; for han hadde store tankar um kong Klas, og han meinte med seg sjølv, at det var han, som hadde gjort han til konge.

Klas kom heim aat riket sit att og livde enno mangt eit godt og lukkelegt aar med si kjære dronning, og ho gav honom mange søner og døtter. Og etter honom hev mange kongar og dronningar av hans ætt setet fyr styret der i landet.

Den beste vegen.

(Fraa svensk, etter Topelius).

Det var eingong ei kona, som hadde tvo born, Tull og Tulla; Tull var gut, men Tulla var gjente. Ein dag hadde kona tent seg 20 øyre, og so sa ho aat bornom: „Her er tvo tiøyningar; gakk til byen og kjøp brød!“

Borna hadde aldri voret til byen fyrr, og so spurde dei, kva veg dei skulde gaa. „Det er inga sak,“ sa kona. Fysst lyt de gaa etter store kongsvegen, alt til de kjem burtaat den bakken, der det er so mykje einekjørr; der klyv vegen seg. Daa lyt de halde dykk aat den beste.“

Borna tykte dei hadde faatt god greie, og so gjekk dei avstad med tiøyringom sine, glade og lystuge. Aa, det skulde daa bli moro aa koma til byen eingong!

Daa dei kom aat bakken med einekjørrom, saag dei tvo vegar framfyre seg. Daa tok dei til aa tenkje seg um, kven som var den beste. Men det var inkje greitt; for dei saag like gode ut baae tvo, og so stod dei der.

Daa sat det ein raustjert uppe i bjørka ved vegen til høgre og song: „Turt brød, turt brød, kvirre—vit!“ Men ei kraake sat millom eine-

kjørrom ved vegen til vinstre og skreik: „Kringlor og peparkakor, kringlor og peparkakor, kra—kra!“

„Høyrer du, Tull?“ sa Tulla; „raustjerten syng: turt brød, turt brød; det er best, vi gaar dit; so fær vi det, vi gaar etter.“

„Nei“, sa Tull; „høyrer du inkje kraaka lovar oss kringlor og peparkakor? Den vegen lyt vera den beste.“

Og so kunde dei inkje bli samde um detta, og enden vart, at dei tok kvar sin tiøyring og kvar sin veg.

Men alle vegar ber aat Rom, og baae vegarne bar aat byen. Daa han Tull hadde gaatt ei stund, kom han aat den eine byporten, og der sat det ei madam attmed eit bord og skreik: „Tvo fyr eit øyre, tvo fyr eit øyre!“

„Kva er det fyr slag?“ tenkte Tull og gjekk burtaat bordet hennar. Men daa kan du tru, han gjorde store augo; for bordet var stappande fullt med peparkakor og smaakinglor.

„Fær eg tvo kringlor fyr eit øyre? spurde Tull.

„Ja“, sa madama; „og peparkakorne kostar tvo øyre stykkjet; men dei fær gaa fyr eit.“

„Aa—aa, kor billigt!“ tenkte Tull med seg sjølv; „kor ho mor skal bli glad, nær ho fær so mykje godt fyr so godt kjøp!“ Og so kjøpte han kringlor fyr det halve av pengom sine — kor mange fekk han? — og fyr det andre halve kjøpte han peparkakor — kor mange fekk han?

So gjekk Tull inn i byen og vilde sjaa seg

um, og der saag han mykjjet rart. Der var høge hus og fine frøykener, som sopte etter gata, og massingspeglar i alle krambuglasom. Massingstas! ja det var mat fyr Mons. Tull glaamde og glaamde, til han vart svolten.

„Eg kan no væl eta ei kringle, nær dei er so billege,“ tenkte han; „men berre ei einaste ei!“ Og so aat han ei kringle.

Um ei lita stund var han svolten att, og han hadde faatt meirsmaken. „Eg kan no væl smaka paa ei peparkake og; madama slo taa,“ tenkte han; „men berre ei einaste ei!“ Og so aat han ei peparkake.

Til meir han aat, til meir svolten vart han. Og ned gjekk ei kringle til og ei peparkake til. Men berre ei. Og so laut Tull tenkje paa aa koma seg heimatt; for det leid mot kvelden.

Tull gjekk med langsamelege steg; for han var baade trøytt og svolten. Og so gjekk den eine kringla og peparkaka etter den andre sama vegen ned i den vesle magen hans; men berre ei um senn. For, kvar gong han mumsad, tenkte han: „Berre ei einaste ei!“

Sidstpaa hadde han att berre ei kringle og ei peparkake i luma si. „Ja, no er det berre ei,“ tenkte han; „den røkk inkje langt til kveldverd aat oss alle.“ Og so aat han den sidste.

Tull kom heim, og der sat mor hans og Tulla so fornøgde og aat kveldverden sin av brødet, som Tulla hadde kjøpt. For Tulla ho var komi

aat den andre byporten og hadde strakst utrettat erendet sit i bakarbua.

„Naa, Tull!“ sa kona; „kor hev du brødet?“

Tull stod og drog i huva si, so ho vart mest firkantad; tok so til aa fortelja um alt det gjilde, han hadde set i byen: um dei stora husa — og dei fine frøyknerne — og massingspeglarne, som hekk i krambuclasom.



„Men kor hev du brødet dit?“ spurde kona.

Tull gjorde huva trikantad istadenfyr firkantad og skjildrad madama, som sat frammed bordet sit ved byporten, og kor utruleg billeg ho var paa sakom sine.

„Ja, men kor hev du brødet dit?“ spurde kona fyr tridje gongen.

No laut Tull fram med sanninga, og det verste var, at han endaa til var so svolten som ein skrubb um julemorgonen.

„Sett deg til bords,“ sa kona.

Tull gjorde huva rund att og sette seg til aa eta. Det var rart —, han skulde inkje trutt det, men sannt var det: det turre brødet smakad betre enn baade kringlor og peparkakor.

„Naa“, sa kona, kan du no segja meg, kva fyr ein veg var den beste: den, som gjekk etter sjølvklokskapen, elder den, som gjekk etter aa lyde mor?“

„Aa, lyde mor!“ sa Tull.

„Kom ihug det“! sa kona.

Og Tulla dukad vakkert av bordet og reidde upp senga. Og Tull og Tulla lagde seg til aa sova attmed mor si.

Er du god, er du rik.

(Fraa svensk, etter Topelius).

Paa den eine sida aat vatnet var det ein stor landsby med mange gjilde gardar, paa den andre ein liten husmannsplass. Vatnet var froset, og snøen fauk yver det skavl i skavl; for det var vinter og jul i verda.

„Far“! sa kona paa største garden aat mannen sin. „Far“, sa ho; „vil du inkje hengje ut eit kornband aat spurvom no til jula?“

„Hev inkje raad“, sa kallen.

„Ja, men det hev vi gjort støtt fyrr, og det er vælsigning med det.“

„Hev inkje raad, segjer eg!“ grein kallen.

„Ja, men sjaa burtpaa plassen, der hev dei sett upp eit kornband paa taket, og plassmannen saar berre 4—5 skjeppor i aakeren sin, med du saar 16 tynnor.“

„Tøv!“ sa mannen. Eg hev folk nok aa føde paa, um eg inkje skal kaste Guds gavor fyr skarve dyr!“

„Ja, du kan so segja“, sukkad kona; „Guds gavor er det, og sporvarne er Guds skapningar dei og.“

„Baka julebrødet du, og sjaa til, at skjinka bli feit; kva kjem sporvarne os ved?“ murrad kallen.

So vart gjort. Paa den rike garden vart det lagat til jul med mat og drykk, so det forslo, og sporven flaug med svolten mage derute i snøfoket.

Men burtpaa plassen paa den andre sida var det fatigdom inne og rikdom paa taket. For der flaug himlens fuglar so glade kring kornbandet, og borna gledde seg med aa sjaa, kor dei flaug, og høyre paa, kor friskt dei song sin takk fyr mat uppe paa mønet.

„Hadde vi no treskt kornbandet istadenfyr aa gje' det aat sporum, so hadde vi havt eit ferskt kakubrød aat bornom til jul,“ sukkad plasskona.

„Veit du inkje det, at er du god, er du rik?“ svarad den fromme gamle plassmannen, og so saag han henne so godt inn i augat.

„Ja, — men aa lata himlens fuglar eta brødet vaart,“ sukkad kona att.

„Ja, um det so var skogens udyr,“ meinte husmannen. „Det hev inga nød med oss; eg hev lagt til sides so pass, at vi kan kjøpe oss fire ferske sirupskakur og ei kanne mjølk. Borna kan gaa yver aat byen med kjelken, so kjem dei att til kvelds“.

„Enn um dei møter ulvar paa isen?“ meinte kona.

„Eg skal gje' honom Olav ein god kjepp,“ sa mannen; „so greier han seg nok.“

So vart gjort, og vesle Olav gjekk aat byen med Kari, syster si, fyr aa kjøpe brødet og mjølka. Medan tok det til aa blaase, so snøen fauk, og det vart tungt fyr bornom aa arbeide seg fram med kjelken etter seg. Soleis gjekk det til, at det tok alt til aa myrkne um juleftan, daa dei hadde faatt kjøpt brødet og mjølka og skulde gje' seg paa heimvegen. Dei strævad det beste dei kunde med aa koma seg fram i snøen; men skavlarne var vortne større, og myrkret aukad paa, og enno hadde dei att ein lang stubb.

Daa røyvde det seg nokot svart i myrkret. Det kom næmare og næmare, og borna skjynad, at det var ein ulv.

„Ver inkje rædd du, sa Olav aat syster si; „eg hev ein god kjepp.“ Og so lyfte han kjeppen i ve'ret.

Ulven kom burtaat; men han gjorde inkje bornom nokot vondt. Han berre ylte; han ylte so rart, at det liktest ord, som borna skjynad. „Det er so kaldt — so kaldt“, sa han, „og dei smaa ungarne mine hev inkjenokot aa eta. Gjev meg litet brød, fyr Guds gode skuld!“

„Er det sannt, du segjer?“ sa Kari. „Ja, so vil vi gje' deg tvo av kakom. Vi kan nok eta hardt brød i kveld; men far og mor lyt ha julebrødet sit.“

„Mange takk!“ sa ulven, og so tassad han stad med dei tvo ferske sirupskakom. Borna kavad seg frametter eit stykkje att; men um ei stund

høyrdede dei nokot tasse attanfyr seg, og denne gongen var det ein bjørn.

Bjørnen murrad nokot paa eit maal, som borna hadde vondt fyr aa skjyne; men til slutt forstod dei, at han bad um ei julegave han med. „Det er so kaldt — so kaldt“, sa han; „alle kjeldor er frosne, og dei stakkars ungarne mine hev inkjenokot aa drikke. Gjev mig litet mjølk! Fyr Guds gode skuld, gjev meg litet mjølk!“

„Kva slag?“ sa Olav.“ Kvifyr ligg du inkje i hiet dit og syg paa labben du, som andre bjørnar gjer um vinteren? Men det fær bli di sak. Vi skal gje' deg det halve av mjølka vaar. Kari og eg kan drikke vatten i kveld; men han far og ho mor lyt ha nokot godt julekvelden.

„Mange takk“, sa bjørnen og tok imot mjølka i ei næverskrukke, som han bar millom framlabom, og dermed labbad han av i myrkret med verduge steg. Borna skundad seg no alt dei var god fyr med aa kave seg fram i snøen; for no saag dei, det lyste fraa peisen gjenom glaset heime. Men dei var inkje langt komne, fyrr ei stygg ugle flagsad tett attum deim.

„Eg vil ha brød og mjølk! Eg vil ha brød og mjølk!“ skreik ugla og strekkte ut dei lange klørne sine og vilde kløre borna.

„Jaso!“ sa Olav; „er du av det slaget, so skal eg lære deg bruke folkeskjikk.“ Og dermed gav han ugla eit dygtugt rapp yver vengjerne, so ho flaug sin veg og skreik følt.

Ei lita stund etter var borna heime; dei bankad snøen av klædom sine utanfyr dørstokken og var fælt lystuge.

„Vi hev matat ein ulv“! ropte Kari.

„Og gje't ein bjørn drikke“, la' Olav attaat.

„Men ugla fekk av kjeppen!“ skrattad Kari.

Og so fortalde dei det, som var hendt deim. Foreldra deira saag med undring paa einannan. „Borna vaare hev faatt vera gode med sjølve skogens udyr; kva hev Gud til meining med det?“ tenkte dei.

No var det kvelden, og plassfolket sette seg til aa lesa i bibelen. Der stod vakre ord um aa vera god imot alle, imot dei ringaste, imot uvenom sine, imot dyrom, „og“, stod det, „berre den gava er verdt nokot, som kjem fraa eit godt hjarta.“ Men den, som gjev, lyt passe paa, at det inkje bli tekjet fraa dei fatige og burtsløst paa slike, som inkje bed av nød, men av di dei er late og lastefulle.

Daa plassfolket hadde sluttat lesa, sette dei seg tilbords og prisad Gud, og so aat dei av den maten, som borna hadde havt med seg fraa byen. Og det var vakkert aa sjaa, korleis borna gjerne vilde eta hardt brød og drikke berre vatten attaat, fyrdi dei unnte foreldrom alt det beste; men foreldra vilde inkje, dei skjifte med bornom sine dei tvo mjuke kakurne og den halve kannen med mjølk.

Men som dei aat, vart dei vare nokot rart. Dei skar taa den eine kakuskjiva etter den andre;

men endaa var dei mjuke kakurne mest like heile. Og dei skjenkte og skjenkte utor treflaska den eine skaala med mjølk etter den andre; men endaa saag det inkje ut til, det hadde minkat stort i henne. Best som dei undrad seg yver detta, hørde dei nokot kravsad paa det vesle glaset, og sjaa! daa stod ulven og bjørnen der med framlabdom imot ruta. Dei grein baae og nikkad so smaafuld og hjartalegt takksamt; men attanfyr deim hørde dei ugla flagsad i myrkret og skreik med haast maal aat honom Olav: „Litet ris — uhu — gjer meg vis — uhu — uhu — uhu!“

Daa forstod baade mannen og kona og borna, at det fylgde ei vælsigning med julematen deira. Og dei lagde ihop henderne att og takkad Gud.

Og um juledagsmorgonen, daa dei kom att fraa ottesongen i kyrkja, daa var det att nok av julekakom og mjølka daa og, og kakurne var like ferske og mjuke, og mjølka var inkje vorti sur ho helder. Og so gjekk det støtt sidan. So lengje hytta stod og dei gode menneskjerne livde der, hadde dei støtt sirupskakur og mjølk til jul og kanskje meir til. Og kvar sumar song sporvarne so glade og so vakkert paa den vesle aakerflekken, at sola laut fram og skjine, og kornet der voks, so det gav 20, ja 50 foll, med mang ein annan aaker vart øydelagt av uve'ret, og det var trivsel og det var vælstand, og det var bøn og det var arbeid, og det var hjartalag og det var nøgd i den laage husmannshytta.

Men den rike bonden aat for mykjet feit

skjinke um julekvelden, so han kom i ulag. So skulde han muntre seg og drakk tess meir øl; men av di vart han berre meir gretten. Sola skjain inkje meir so blidt som fyrr paa den store aakervidda hans, avlinga vart lita, og laavarne hans stod ofte tome. „Det kjem seg av di, at vi gjev for mykjet aat fatigfolk,“ sa han. „Vi hev inkje raad, kjering! Vi hev inkje raad! Kjøyrt alt tiggarpakk paa porten!“

So vart gjort; men lel vart laavarne støtt tomare og tomare. „Vi eter for mykjet“, meinte kallen og tok til aa knappe paa maten; dei fekk eit maal minder um dagen; men det vart inkje betre. Ulvar og bjørnar aat upp hestarne hans, kjyrne og sauerner med; fatigdomen stod fyr døra, og mannen kunde inkje skjyne, korleis detta kunde gaa til. For han visste um seg sjølv, at han var ein god hushaldar, og at han hadde alt i orden og passad paa som ein smed, so inkje ei smola skulde bli burtsløst.

„Nei, vi eter reint for mykjet“, sa han. „Vi lyt baka brød av furukonglar og koke supe paa tytbærlyng. Og fyr alt i verda, kjering! gjev inkje det slag burt aat dyr og tiggarrar! Vi hev inkje raad til aa gjera godt, vi.“

„Eg vil sjaa yver til plassfolket paa hi sida vatnet,“ sa kona, „og spyrja deim, kva det kjem seg av, at dei støtt hev brød nok, med vi er i nød.“

„Gjer det“, svarad mannen; „eg er viss um, at dei er betre til aa spara enn vi.“

Kona gjekk og kom att med det svaret, at plassfolket ofte gav burt sidste brødet sit aat dei fatige; men lel saknad dei aldri mat, for Guds vælsigning gav deim tidubbelt att.

„Det var snodigt“, tykte kallen. „Sjaa her, tak sidste kaku vaar og kast henne aat tiggarpakket derburte paa vegen og bed deim so gaa pokker i vold.“

„Nei“, sa kona, „det skal nokot annat til og: ein lyt gje' av eit godt hjarta.“

„Kan det vera moglegt?“ tok kallen i. „Naa, so gjev daa av eit godt hjarta, men paa det vilkoret, at Gud gjev oss ti gonger so mykjet att. Vi hev inkje raad til aa gje' forutan betaling.“

„Ein lyt nok gje' forutan nokot vilkor“, sa kona.

„Kva slag? Skal ein inkje faa so mykjet som takk fyr det helder?“

„Mangein gong fær ein utakk og gjev endaa.“

„Nei, skulde du høyrte slikt!“ sa mannen og riste paa hovudet; „koss kan ein ha raad til det?“

Kona svarad: „Kong David segjer i den 37de salmen: Eg hev voret ung og er gamal vorten; men enno hev eg aldri set ein rettferdig i nød stelt, elder at borna hans hev gaatt forutan brød.“

„Høyr du, kjering! sa mannen. Det ligg att eit band med utreskt korn paa laavegolvet. Det skal vi spara til jul aat sporum. Vi lyt begjynne med deim.“

Brusebekk og Susebekk.

(Fraa svensk, etter Topelius).

„Det er so rart med denne bekken“, sa Jon; „det er nett, som han vilde segja meg nokot. Nær eg demmer opp fyr honom med smaastein, so skjipa mine skal faa segle, skvetter han vatten opp i andletet paa meg og skvaldrar og baldrar so fælt. Høyr no! høyr no! segjer han, og so skravlar han so mykjet rart. Ja, det er inga sak aa snakke, nær ein bruker eit maal, som ingen skjynar.“

„Ja, men du —“, sa Ragnhild; „nett slikt er det med bekken min og. Nær eg plaskar i honom og skal vaske klæda aat dokkom mine, so ser eg ei tittle upp utor vatnet, og ho nikkar aat meg og segjer: eg veit nokot eg, som inkje du veit.“

„Det er av di du speglar deg i vatnet, og so ser du deg sjølv, sa Jon.“

„Trur du inkje, eg veit det daa? sa Ragnhild; det var inkje fritt, ho vart lite tykkji. Men gjenta i bekken min er ei gjente fyr seg sjølv det, skal eg segja deg; det er visst syster mi. Nær eg opnar munnen, so opnar ho munnen ho og; men nær eg segjer nokot, so tegjer ho still ho.“

„Det er veslegjenta aat nykken,“ sa Jon.
„Pass deg! Liknar ho paa far sin, so tek ho deg
i foten og dreg deg uti.“

Ragnhild svarad inkje; ho var putt.

„Nei, ver inkje sær no, Ragnhild,“ sa Jon.
Bekken din og bekken min er so nære einannan,
dei renn visst utor sama kjelda. Dei maa vera
systkjen. Bekken min er større og sterkare enn
din, og sumetider bruser han upp so hissug og
sinnt. Difyr skal han heite Brusebekk.“

„Bekken min er mindre og spakare han“, sa
Ragnhild. „Han suser so blidt og koselegt, nær
det er stilt um kvelden, og difyr skal han heite
Susebekk.“

„Det var rett“, sa Jon. „Brusebekk er bror
min, og Susebekk er syster di. Det bli moro-
samare, nær dei fær navn.“

„Veit du“, sa Ragnhild; „det er nett som
Brusebekk og Susebekk var tvo smaaborn. Eg
undrest paa, kor det bli av deim, nær dei renn
herifraa.“

„Dei gaar ut i vide verda“, sa Jon. „Kom,
skal vi fylgje deim og sjaa. Du gaar frammed
Susebekk og eg frammed Brusebekk, og nær det
bli slutt paa deim, so snur vi heimatt.“

„Ja, bi berre, med eg spring heim etter ei
kakuskjive,“ sa Ragnhild.

„Tak med ei aat meg og!“ ropte Jon.

Um ei stund kom Ragnhild att med baee
kakuskjivom. „Farvæl med deg“! sa ho. „Farvæl,
farvæl“! sa Jon. Og so gjekk dei baee ned etter

kvar sin bekk, Jon etter Brusebekk og Ragnhild etter Susebekk.

Men no klyv soga seg i tvo: den eine um Susebekk, den andre um Brusebekk. Kven vil du ha fysst? Kanskje um Ragnhild og Susebekk?

Ragnhild ho gjekk, og so sa ho aat bekken sin: „Du vesle barnet, kva skal det bli av deg i verda? Renn stilt og snilt, kjære søte baara mi! Og lat meg so faa sjaa, koss det gaar med deg, nær du bli stor“.

Ragnhild gjekk og gjekk, og bekken rann stilt frametter; han skvette berre av det klaare vatnet sit paa blomarne frammed seg. Og han drakk av saftom aat grasmarka, og han aat av røtom aat blomom, og so voks han lite og lite etter kvart. Og til større han vart, tess klarare og stillare vart vatnet og tess vakrare vart susen og tess grønare vart bredderne hans. Paa slutten rann han ut i ein spegelklar sjø. Bjørker og blømande rognar stod rundt ikring, og sola paa himlen speglad seg i den blanke sjøen, og snøkvite svanor symde nedetter honom, med kveldsola skjein og forgjylde deim og sjøen og alt ihop.

Daa lagde Ragnhild ihop henderne, og ho sa aat bekken: „Du er lukkeleg du, kjære vesle bekken min! Heile din veg hev du breitt vølsigning og grønske ikring deg, og nær ferda di er slutt, daa læt Gud deg sige i famnen paa den klaare sjøen so straalande vakkert, so det skjinn av deg i kveldsrauen. Kjære, gode Gud! Lat meg og faa liva og døy som den vesle bekken min!“

Og Ragnhild gjekk attende, takksam og glad, og fyrr det vart natta, var ho heimatt komi. Jon var inkje heime enno. „Han kjem fell“, meinte Ragnhild.

Men Jon kom inkje. Han kom inkje den kvel- den, han kom inkje andre dagen helder, han kom inkje paa mange aar. „Stakkars Jon“! tenkte Ragnhild; „og han hadde inkje meir enn ei kaku- skjive med seg til niste!“

Sidstpaa trudde dei alle, at Jon aldri kom att meir, og det vart stor sorg. Berre Brusebekk og Susebekk dei bruste og suste, so ein greitt kunde høyre det um sumarkveldarne: „Bi berre, bi berre, han kjem nok!“ Men ingen trudde paa deim.

So skreid tida fram, og Ragnhild vart stor. Ho vaskad inkje lenger klæda aat dokkom i Suse- bekk, ho nikkad inkje lenger aat veslegjenta i bekken, ho som fyrr hadde voret beste venen hennar. Sidstpaa hadde ho mest gløymt aa syrgje paa honom Jon og; det kom so mange andre tankar, so det vart burte det, som gamalt var. Men Susebekk og Brusebekk dei dreiv paa og skvaldrad dei: „Han kjem nok! Bi berre, han kjem nok!“

Ein dag kom det ein framand kar med langt svart skjegg. Han raakad ei ung gjente uti hagen og spurde henne etter eit barn, som skulde bu der, som heitte Ragnhild. Men den gjenta, han spurde, det var Ragnhild sjølv, og ho svarad inkje

ordet; for ho vart bljug og kunde inkje skjyne, kva framandkaren vilde henne.

Daa vart den framande so sorgfull. „Her er nok ingen, som kjenner att meg meir“, sa han, „og Ragnhild, syster mi, er vorti burte. Eg vil gaa til Brusebekk og Susebekk og spyrja deim etter henne Ragnhild.“

Daa skjynad Ragnhild strakst, at det var Jon, bror hennar, som dei hadde saknat so lengje, og daa var det nære paa, ho hadde flogjet i armarne hans og sagt aat honom: „Syrg inkje du, Jon! Her er eg, her hev du syster di eiga, og no skal vi aldri, aldri skjiljast aat meir.“ Men ho heldt seg og sa berre: „Eg skal fylgje deg aat bekkjom.“

So gjekk dei dit. Det var berre ein smal voll millom bekkjom; der voks det grønaste graset.

„Jau, eg kjenner Brusebekken min“, sa framandkaren. „Framande gjente, hev du hug til aa høyre saga aat bekken min?“

„Ja, seg meg den!“ sa Ragnhild, og hjartat hennar bankad.

Og Jon fortalde:

„Berre liten var eg, daa eg gjekk ifraa syster og heim fyr aa sjaa, kva det skulde bli av bekken min, nær han vart stor. For alt ifraa det fyste var Brusebekk hissug og vill som ein ustyren smaagut, og han tolde inkje, at nokot kom atti vegen fyr honom. Nær han møtte ein stein, skumad han av sinne og reiv honom med seg; men var han for stor til di, so slost dei um yver-

taket, og daa var det fyr det meste steinen, som vann. Men til lenger Brusebekk gjekk, tess større vart han; mindre bekkjer og vassig gav seg upp i honom, og so vart han til ei aa.

Eg heldt ved og fylgde honom frametter og frametter. Nær eg vart svolten, kjøpte eg meg mat i heimom frammed honom, og nær eg vart tysst, drakk eg av vatnet hans, og nær eg vart sømnug, sov eg i det mjuke graset paa aabakken. Men Brusebekk vart alt større og større, og tess større han vart, tess meir ustyrleg vart han. No vyrde han inkje aa slaast med steinom meir; um det so var store bergknausar, so sette han yver deim som ein brusande foss og kvilde seg so ut etterpaa i lognare vatten til ny strid. Kvernhus vart uppsette frammed honom; han arbeidde dygtugt og dreiv hjula deira og mol mjøl aat mange bygder. Sagbruk vart bygde i vatnet hans; Brusebekk sagad plankar og bord natt og dag. Store timberflotar symde paa ryggen hans; baatar seglde snøgge som vinden utetter den stride straumen hans. Han voks og han voks, og til slutt vart han ei ovende stor elv, ja ei av dei største, som finnst i verda. Eg gjekk utetter stranda hans i aar og maanader og saag, korleis store aaer og elvar gav honom alt vatnet sit. Av di vart Brusebekk støtt sterkare og sterkare. Eg saag honom bera store skjip paa ryggen. Han rann gjenom rike byar med mange tusen menneskior, og dei sa aat meg: „Hev du set so svær ei elv fyrr?“ „Nei“, svarad eg; „men eg hev set denna som eit

litet barn; eg hev demmt upp fyr honom med nokre smaastein, og det fyste fartyet, han bar, var baaten min, og den var — berre ei erterskolm.“

Til større Brusebekk vart, tess meir gagn gjorde han menneskjom; men tess farlegare vart han sagte og fyr deim. Dei bygde svære dammar frammed honom, paa baaé sidor, fyr aa temja ilsken hans; for stundom vilde han bruse yver og taka seg eit annat far. Ein dag um vaaren skjain sola so varmt, og mykje snø braanad uppi fjellom og rann i stride bekkjer nedi elva. Av di vart Brusebekk byrg og vill. Han steig og vidad seg ut, so det var fælt aa sjaa, og so velte han seg yver dammarne og braut dei ned og flaumad mange mil utyver landet og reiv ned hus og drap menneskior og øydelagde fyr mange, mange millioner kronor.

Einstad møtte han eit berg, som stengde honom vegen, og kva gjorde so Brusebekk? Jau, han samlad ihop alt vatnet sit til ein stor sjø ovanfyr berget, og so braut han paa; men berget rigad seg inkje av flekken. Daa tok han til aa vekse, høgare og høgare, til han naadde yver berget, og so sette han utyver. Det var den største og gjildaste fossen, nokon hadde set; det var eit staak og eit skum og ei skodd, og regnbogen stod der so blank med alle sine leter, støtt naar sola skjain. Det var meir enn 100 alner høgt, der han stupte seg utyver; men fram laut

han fyr aa naa dit han vilde, aat det store havet der langt, langt burte.

Dit hadde han lang veg att enno, og til slutt vart han trøytt av si eiga storheit og kløyvde seg i mange armar, som flaut der grunne og traae i eit myrutt landskap, so det var sovidt dei drog seg frametter. No var Brusebekk vorten gamal; han hadde livt for hardt, og difyr vart han skrøpeleg paa sine gamle dagar. Menneskjorne fekk no magt med honom att, daa han hadde kløyvt seg slikt, og dei demde upp fyr honom, som dei vilde, baade her og der. Og paa slutten, daa den tida kom, at han skulde bli burte i havet, daa smaug han trøytt og stilt i mange smaa rennor ut i det store evige djupet, ut i dauen.

Daa sa eg med meg sjølv: Aa, du gode Gud! Du hev synt meg bilætet av eit menneskeliv so stort og so vakkert og til so mykje gagn, so stolt og paa sidsten so skrøpelegt lel. Og no veit eg, at ingen styrkje og inga storheit paa jorda er evig; men det store havet vøntar oss alle. Difyr gjev oss, kjære herre Gud, aa søkje vaar storheit og styrkje og vaart evige maal berre hjaa deg! At vi tidleg maa lære temja vaar stoltheit og bli mjuke, so vi kan bli gode og vølsignad born fyre dit rike i himlen og dit rike paa jorda!“

„Og so er det slutt paa soga hans Brusebekk,“ sa Jon. „Eg er attkomen klokare, enn eg gjekk; men Ragnhild, syster mi, finn eg inkje, og so er eg einsleg i verda med alt det, eg hev lært.“

„Nei, Jon!“ sa Ragnhild; „einsleg er du inkje lenger; for det er syster di, som no hev lagt armarne sine kring halsen din, og ho er det, som no klysser deg, og hennar heite taaror er det, som no blandar seg med dine. No skal vi byggje oss ei stugu her uppaa vollen midt imillom Brusebekk og Susebekk, so vi støtt kan sjaa deim baae og støtt minnest lagnaden aat deim baae. Vil du det, Jon? Seg, um du vil!“

„Ja, lat oss det!“ sa Jon og klyssste henne paa kjinnet. Og so bygde dei seg ei stugu millom Brusebekk og Susebekk, og dei minntest støtt Guds gode meining med dei bilætom, han teiknar fyre menneskjom i si rike natur.

So vart Jon og Ragnhild gamle; men bekjerne dei vart aldri gamle. Dei var støtt dei sama smaa borna, der Ragnhild hadde speglat seg og nikkat aat veslegjenta til nykken, og der Jon hadde faatt erterskolmsbaaten sin til aa segle nedetter straumen. Susebekk suste støtt like stilt um sumar-kveldarne, og Brusebekk bruste støtt like ustyren yver sand og steinar. Sjelve visste dei inkjenokot um, kva lagnad der vøntad deim; men Ragnhild og Jon dei visste det, og dei hadde lærdom av det, so lengje dei livde.

Bullerbadius.

(Fraa svensk, etter Topelius).

Arne var 6 aar og rokk mest oppunder nasen hennar Helga. Helga var 10 aar; ho syntest, ho godt kunde voret mosyster hans Arne. Desse tvo eggdest med einannan al dagen og visste lite um, kor glade dei var av einannan. Jau, naar dei var skjilde, daa kjende dei det. Naar Helga var paa skulen, kjeiad Arne seg so fælt, at det var mest inkje raad aa vera til, og gjorde det eine ugagns-stykkjet verre enn det andre. Og naar Arne hadde fylgt med far sin til Fossa bruk, var Helga oppraadd heile vika, og ho visste inkje, kva ho skulde taka seg til, med Arne var burte.

Eingong tok ho seg fyre aa skrive dagbok yver alt det galne, Arne gjorde; so vilde ho lesa upp fyr honom heile den vakre leksa eingong, naar det fall seg slikt. Det kunde han ha godt av, meinte ho; for daa laut han no fell tilgagns skjemmest yver seg sjølv og inkje fara so toskutt aat tidare.

So var det ein myrk dag nyst fyre jul — Helga hadde fri fraa skulen, og Arne hadde voret fælände uskjikkeleg — so sa Helga aat honom:

„Kom hit, Arne“!

Arne sat burti ei ro og heldt paa og ferdad den eine bakfoten paa trehesten sin. Hesten hadde inkje voret flink til aa draga lasset, so hadde Arne vortet sinnt og slegjet til honom, so han hadde brotet aav den eine foten. Han var sær og lei og letst inkje høyre.

„Kom hit, skal eg lesa nokot fyr deg,“ sa Helga fult; ho hadde den merkjelege dagboka paa fanget.

Arne kom. Han tykte um eventyr han som alle andre, og no trudde han kanskje Helga vilde lesa fyr honom um Soria Moria slott elder um riddar Blaaskjegg.

„Sett deg no paa krakken der og ver still og snill, so skal du faa høyre um røvarhovdingen Bullerbadius Rummelkopp og hans helteverk.“

Arne sette seg pent, og Helga tok til:

„Det var eingong ein røvarhovding, som heitte Bullerbadius Rummelkopp. Han hadde ei fe til gudmor; men daa ho saag han gjorde so mange skøyarstrek i verda, laut ho laga til ei bok, og der skreiv ho upp alt det, han hadde gjort. Sidan vilde ho faa den boka trykt, fyr at alle folk skulde faa vita, kor stygg og toskutt ein kar den Bullerbadiusen hadde voret. No hev eg faatt laant den boka hennar gudmor, ser du, til ho skal skjikkeest aat byen fyr aa bli trykt, og no skal du faa høyre alt det, Bullerbadius hev aa skjemmest yver.“

Arne lydde; han hadde aldri fyrr høyrte gjetet den røvarhovdingen. Helga heldt seg aalvorsleg og las av dagboka:

„1ste januar. Bullerbadius begjynte aaret med aa sparke sund senga si. So laut han ha seg upp; men daa lagde han eine hosa si i vaskarfatet fyr aa sjaa, um ho flaut. So kom mor hans inn — for han hadde ei mor — og smellte til honom med den vaate hosa. Var inkje det v el fortent?“

Arne saag undren paa henne, men sa inkje-nokot.

„6te januar. Kattepus laag paa matta framan-fyr omnen. Bullerbadius tok og stappad pus inn i omnen og hadde att omnsd ora. Det hadde inkje voret gjort upp varme sidan igaar; men det laag att gl or, og pus tok til aa mjaave f elt. Far kom inn — for Bullerbadius hadde ein far og — han tok pus ut og sa aat Bullerbadius, at han skulde taka ei glo i handa. Bullerbadius vilde r ome undan; men far hans lagde ei glo i handa hans og let honom brenne seg lite grand. Daa skreik Bullerbadius — — —.“

„Aa nei, eg skreik inkje“, sa Arne.

„Her staa: Bullerbadius skreik. 2dre februar. Smaagutarne heldt paa burti kjelkebakken, og Bullerbadius med. Daa fann Bullerbadius paa aa grava huva si ned i sn oen, so ho inkje fannst att fyrr um vaaren, daa sn oen braanad. Men sama dagen fraus han fordervat det vinstre  yrat sit; difyr slapp han med ei aatvaring um aa passe betre paa huva si.“

„Eg kunde inkje finne att henne!“

„H oyr no meir! 20de februar. Mor hadde egg i ei korg, som stod i ytre romet, der det

aldri vart lagt i omnen. Bullerbadius fann korga under sofan og morode seg med aa slaa det eine egget mot det andre, so det rann utyver det fine grøne trekket paa sofan. Fyr den moroa vart Bullerbadius sett i arrest i spiskammerset; men der fann han ei krukke med syltety, og daa brukte han sleikjepott paa den, til ho vart tom og rein. Daa vart han sett i arrest paa romet hans far, og der laut han halde seg still.“

Arne log, men slikt, at ein kunde sjaa, han var lei di.

„Ja, var det inkje ein toskutt røvarhovding? sa Helga. „Men det er sagte meir. 7de marts. Bullerbadius hadde ei syster — —.“

„Og ho heitte Helga“, sa Arne.

„Ho heitte Melusine. Ho hadde ei dokke so søt og so vakker, som heitte Eli; ho hadde riktigtaar og riktige augo. Med Melusine var paa skulen, tok Bullerbadius Eli og karad sund det eine augat hennar fyr aa sjaa, kva det var inni. Sidan hengde han Eli upp etter haaret i klokke-strengen, at ho skulde faa huske seg. Daa Melusine kom heim og fekk sjaa Eli stakkar, tok ho til aa graate.“

Arne vart rau i andletet og slo med dei skjjeive styvelhælom sine mot golvet.

Helga las: „Daa tok Bullerbadius til aa graate han og; han bad syster si, at ho inkje maatte vera vond paa seg, og so gjekk han aat far sin og gav seg inkje, fyrr han hadde faatt doktaren

til aa gjera augat hennar Eli godt att. Var det rett, at han angrad seg?“

„Ja, men Eli vart frisk att ho,“ sa Arne.

„Berre inkje Bullerbadius hadde voret so stutt-hugsad. Ei vika etter — *den 14de marts* — skulde Bullerbadius gaa paa skji, og so hadde han sumlat burt vottarne sine. Daa fann han eit par fine kvite franske handskar, som høyrde mor hans til; deim drog han paa henderne sine, og so labbad han ut paa skaren. Daa han kom heim att, stod alle fem fingrarne ut gjennom den eine handsken, og den andre hadde han tapt burt i snøen. Var det vakkert gjort?“

„Eg fraus paa hendom“.

„Mor skjemde paa Bullerbadius; men han vart inkje klokare. *Den 1ste april* vilde han skræme Gamal-Marit. Han stellte tvo stolar uppaa ein-annan innanfyr salsdøra, og paa den øvste sette han ein krakk og uppaa den ei blomsterkrukke. Istadenfyr Marit kom prestfrua inngjenom døra, og det var nær paa ho hadde daanat, so rædd vart ho, daa stolarne ramlad ned og blomsterkrukka rauk sund. Daa laut Bullerbadius i arrest att.

Den 20de april vilde Bullerbadius freiste seg som bogeskjytter, og daa skaut han ei pil inngjenom kjøkenglasat. Slapp med aatvaring.

Den 2dre mai rykkte han stjerten av hanen; til straff fekk han arrest ein time i hønsehuset.

4de mai rodde han i eit deigtrog ut i bekken; der kollseglde han og vart vaat al igjenom.

Den 18de fyllde han huva si med stein og søkkte henne ned ved stranda fyr aa faa henne tett som ei vassbytte.

Den 22de hadde mor saatt ertor um morgonen; um kvelden karad Bullerbadius uppatt ei heil seng fyr aa sjaa, um ertornerne hadde vokset. Slapp med aatvaring um inkje aa vera so toskutt ein annan gong.

Den 23de slo han sund ein tekopp, og den støytt han i ein mortel fyr aa narre Marit til aa tru, det var sukker.

Jonsokdagen gjorde Bullerbadius so mange toskutte strek, at det inga raad er aa rekne deim uppatt — —.

„Nei, det er inkje sannt“, sa Arne; „eg reiv berre tvo hol i trøya mi, eit stort og eit litet.“

„Høyr no berre!“ sa Helga. „*Den 6te juli* grov han upp ei grop i hagen, og i den gropa lagde han ned signetet hans far og fingerbjøra hennar mor og seks furukonglar og ei padde. So fyllde han att gropa med sand; det skulde vera eit jordkammers. Inne vart det ei leiting att og fram etter signetet og fingerbjøra; sidstpaa vart Bullerbadius tekjen i forhøyr som ein kar, ein kunde tru til nokot av kvart. Daa laut han gaa ved, at han hadde gravet ned ein skatt; til straff fekk han dugeleg lugg. Var det rettfærdigt?“

„Men eg laug inkje“, sa Arne.

„Fy, skulde han ha logjet og? Det var nok inkje fritt fyr, at Bullerbadius endaa hadde vondt samvit; for han heldt seg burti granngarden heile

eftan. So var fell straffa rettferdig. *Den 28de* gjekk han paa styltror — stupte og datt so lang han var midt uppi agurkerne i ein mistbenk. *Den 30de* gjekk han forutan lov nedaat sjøen og skauv ut baaten fyr aa ro. Men det bles hardt, og den gode karen dreiv til sjøs. Daa tok han til aa rope um hjelp.“

„Eg hadde nok orkat ro, ser du; men aararne var for lange.“

„Og rorskaren for stutt. Daa rodde Lars ut med storbaaten og fragtad den naadige herren til lands. Den gongen hadde Bullerbadius faatt straff nok med di, at han vart so forføeld. Dagen etter reid han paa bjøllekua, men datt taa og slo seg, so han fekk eit hol i hovudet.“

„Eg hev ridet paa mange hestar.“

„Kan væl hende det“, sa Helga. „*Den 11te august* vilde Bullerbadius ride paa bukken og; han heitte Blaamann. Men Blaamann likte inkje detta og tok til aa stange. Bullerbadius paa flaug, og Blaamann etter! Til slutt gauv dei ihop ved stallveggen, og hadde inkje Marit nett daa komet fraa fjøset med mjølkespannet, so hadde det vortet eit følt mannfall.“

„Eg slo honom, ja eg slo honom slikt at — —.“

„Her staa, at Bullerbadius slo til Blaamann i tankom, men ellest berre skreik han: kjære Marit, kom og hjelp meg!“

„Ja, men kjeppen rauk.“

„Naa, meir. *Den 19de august* aat Bullerbadius stikelsbærkart, til han vart klen. *Den 29de* vilde

han lære upp Eli til aa symja i bekken. *Den 30de* plumpad han uti sjølv.

Den 18de september plukkad dei tytebær i skogen. Daa flaug Bullerbadius etter ein ikorn, til han sokk nedi eit myrhol. Der tapte han burt den eine styvelen og øydelagde nybuksa si. *Den 20de* skulde han taka upp potetor, og daa hogde han seg i foten med grevet. *Den 24de* datt han ned fraa ein rogn.

Den 4de oktober flaug han gjennom alle roma — dei var nyskurad — med søylutte sko; han vilde leite etter huva si og fann henne i vedkassa; han hadde stappat henne full med sand og gjøymt henne der. *Den 8de* kom han heim med ei heil børd med næpor; han hadde faatt deim av ein gut, og guten hadde stolet deim.“

„Det visste inkje eg“, sa Arne.

„Nei, han visste det inkje, og difyr fekk han inga straff. Men han laut sjølv bera næporne attende til Li, der guten hadde stolet deim. *Den 16de* skulde han endeleg smaka paa nokot, som var paa ei flaske; det var anilin, og han vart fælt sjuk. *Den 17de* var han so mykje til kar att, at han var god fyr aa slaa spiker i silen hennar mor. Silen vart øydelagt. *Den 18de* hadde han funnet paa nokot nytt att; han dreiv ein bløyg inn i tuten paa kaffekanna. *Den 29de* morode han seg med aa tende varme i linet hennar Marit, med ho sat og spann; fyr den moroa fekk han lugg att.

Den 3dje november lurde han seg — forutan lov — ut paa ein klen is; der drog han upp ein annan gut, som hadde plumpat uti. Fyr detta fekk Bullerbadius fysts arrest og sidan ei terte.“

„Eg fekk ros og“, sa Arne krytt.

„Ein gjer inkje ei god gjerning fyr tertor og ros,“ sa Helga. „Verre var det *den 4de desember*. Daa vart Bullerbadius usams med Lismaagutom um nokot svært rart, dei hadde funnet i stallen; det var ei dau mus. Bullerbadius slo til Karl Li med staven sin, so han fekk eit blaatt auga; Karl Li var mindre enn honom. Fyr detta skulde Bullerbadius beda Karl um forlating; men han vilde inkje.“

„Det var Karl, som slo meg fysts,“ sa Arne.

„Ja, men Karl var berre 4 aar og Bullerbadius var 6. Fy for stor skam aa slaa so liten gut! Og med di Bullerbadius inkje vilde beda um forlating, fekk han ris av honom far. Det var fyste gongen i heile aaret. Bullerbadius laut beda um forlating; men no kom det verste: han bad med munnen, men inkje med hjartat. Eit par dagar efter kastad smaagutarne snøball; daa klemde Bullerbadius ein fælt hard ball beint i andletet paa Karl. Ballen raakad Karl paa kjinnet, so det trutnad. Kva skal ein kalle slikt?“

Arne svarad inkje.

„Slikt kallar vi *hemn*, og det er — næst utakk og lygn — det styggaste av alt, som finnst i eit menneskehjarta. Den, som lyster paa hemn, er Guds uven, og alle englar i himlen græt fyre

hans skuld. Korleis kan ein slik ein nokon gong ha rett glede og fred med seg sjølv?“

Arne beit ihop tennerne og gjorde ein underleg grin fyr aa halde graaten. Strakst etter reiste han seg upp ifraa krakken og gjekk ut, — sa inkje eit ord.

Helga kjende nok bror sin ho, og ho letst, som ho inkje saag grinen; inkje bad ho honom vera helder.

Ein halv time etter kom Arne att, so straa-lande glad.

„Kor hev du voret?“ spurde Helga.

„Jau — ser du“, sa Arne, og han var liksom lite bljug, — — „du kjem fell ihug kjelken min, som eg fekk um julkvelden ifjor. Rapp heiter han, og det finnst inkje so god kjelke som Rapp.“

„Ja“, sa Helga, „eg veit nok, at du held meir av Rapp enn Lars av Storbrunen, og du skrøyter støtt med, at ingen hev slik kjelke.“

„No hev eg gje't honom Karl Li kjelken. Han vart so glad, maa du vita, — ja so glad — ja so glad, at du kan inkje tru, kor styggeleg glad han vart!“

„Enn du daa, Arne? Vart du inkje glad du og?“

„Jau — eg skal segja deg, Helga — eg hev voret so lei di med den daue musa — og eg hev voret so stygg sidan den gongen — og det hev voret so leitt — — — og daa du fortalde um, at Guds englar gret, daa var det som eg laut graate med eg og, — — — og so gjekk eg aat

Karl, ser du, — og no er det godt att, og no er eg so hoppande glad, ser du, og no skal det bli morosamt i jula, skal du sjaa!“

Helga tok Arne um halsen og kjsyste honom og dansad 7 gonger rundt golvet med honom. „Veit du eit?“ sa ho; „naar no den fea, som er gudmor hans Bullerbadius, sender dagboka si aat byen fyr aa faa henne trykt, so skal vi beda henne fortelja um den daue musa ogso. Det streket var baade det dummaste og det klokaste, som Bullerbadius hev gjort i heile aaret.“

„Ja, men so skal du beda henne fortelja um Melusine og; for, ser du, hadde inkje Melusine voret, so hadde Bullerbadius vortet ein fælt stygg ein.“

„Aa, det er inkje so farlegt med Bullerbadius! Han hev ei fantrid paa seg ein og annan gongen; men Gud hev gje't honom eit ærlegt hjarta; det bli nok kar av honom.“

Ja, soleis var det med den røvarhovdingen.

Bringebærmarken.

(Fraa svensk, etter Topelius).

„Hu!“ skreik Ingebjørg.

„Fy!“ skreik Liv.

„Kva er paa ferd no?“ spurde Tordis; det var den vaksne syster deira.

„Ein mark!“ skreik Ingebjørg.

„Paa bringebæra!“ skreik Liv.

„Slaa ihel han!“ ropte Ivar.

„Enn aa gjera so mykje uppstyr fyr ein stakars liten mark!“ sa Tordis.

„Ja, med vi heldt paa og skulde renske bringebæra — —“ sa Ingebjørg.

„— so kom han fram krekand utor den allerstørste“, sa Liv.

„Og tenk, um nokon hadde etet den bringebæra — —“, sa Ingebjørg.

„— so hadde han etet marken og“, sa Liv.

„Ja, var det so farlegt det daa?“ sa Ivar.

„Eta ein mark!“ sa Ingebjørg.

„Og bite ihel han!“ sukkad Liv.

„Ja, var det inkje fælt!“ skrattad Ivar.

„Nei sjaa, no krek han paa bordet!“ skreik Ingebjørg att.

„Blaas han ned“! sa Tordis.

„Tramp ihel han“! sa Ivar.

Men ho Ingebjørg ho tok eit bringblad og sopte varlegt marken uppaa bladet og bar han ut paa garden. Daa fekk ho Liv sjaa, at det sat ein sporv paa plankegjerdet, og ho skjynad, at han lurde paa marken. Strakst tok ho bladet med marken paa og bar det upp aat ei bringebærbuske og gjøymde det væl innimillom lauvet, so inkje den leie sporven skulde finne marken.

Ja, no trur du visst, det kan inkje vera meir aa fortelja um slik ein liten mark. Men seg inkje det, du! Enn um du fekk bu so vakkert som han, meiner du? I slik ei vakker rau stugu, langt langt inne i den friske skogen, og luftte søt bringebærluft støtt og sjaa blomar og grøne blad ute ikring deg alle stad!

Men no leid det til middags, og daa fekk dei allesaman bringebær og mjølk. „Du lyt spara paa sukkeret, Ivar!“ sa Tordis. Men talliken hans Ivar saag ut som ein snøskavle med ørende litet rautt under snøen.

Etter middagen sa ho Tordis: „Ja, no hev vi etet upp bringebæra og hev inkjenokot til syltety aat vinteren. No skulde det voret gjildt aa havt tvo korgar med bær; so skulde vi renskat deim ikveld, og imorgon skulde vi koke deim i den store steingryta, og sidan skulde vi eta vaflar med bringebærsyltety paa; kva meiner de um det?“

„Kom, so gaar vi stad og plukkar strakst!“ sa Ingebjørg.

„Ja, det gjer vi!“ sa Liv; „tak den gule korga du; eg vil ha' den grøne.“

„Gaa inkje burt dykk, og kom heimatt skjikkeleg paa kvelden!“ sa Tordis.

„Hels bringebærmarken“, sa Ivar, „og seg honom det, at neste gongen eg raakar han, skal eg ha' den æra aa eta upp han.“

So gjekk Ingebjørg og Liv tilskogs. Aa, so vakkert som det var der, og so morosamt! Javisst leitte det paa sumetider aa klive yver nedfallne tre og fastne i kvistom og krangle med einekjørrom og slaast med myhanken; men kva gjorde det? Dei stuttad upp stakkarne sine og kleiv og sprang, og so kom dei langt inn i skogen.

Blaabær og krækling og skjintrotyte var det nok av; men bringebær var det vondt um. Dei gjekk lenger og lenger og lenger enn langt, og so kom dei aat — kva trur du? — — jau, ein stor stor bringebærskog! Det hadde voret skogbrand der eingong, og no hadde det vokset til med bringebærkjørr i staden, so langt augat kunde naa. Og slik rikdom paa bringebær, og so store og vakre og mogne og søte bær! Det raunad burtetter allestad, og greinerne bognad av al den rikdomen, dei bar paa. Aldri i verda hev tvo smaagjentor med uppstuttad kjolar funnet maken til bringebærskog.

Ho Ingebjørg plukkad, og ho Liv plukkad; ho Ingebjørg aat, og ho Liv aat. Um ei lita stund hadde dei baae korgerne fulle. „No gaar vi heimatt!“ sa Liv. „Nei, lat oss plukke lite

meir endaa“, sa Ingebjørg. So sette dei korgerne fraa seg paa marka og tok til og plukka i fyrklæda sine, og snart var dei fulle fyrklæda og.

„No gaar vi heimatt“, sa Ingebjørg. „Ja, no gaar vi heimatt“, sa Liv. So tok dei kvar si korg i den eine handa og heldt uppe fyrklædet sit med den andre. Og so gav dei seg paa heimvegen.

Men detta var inkje so lett gjort, som det var sagt. Dei hadde aldri voret so langt uppi skogen fyrr; det fanst inkje korkje veg elder stig, og snart tok dei til aa skjyne, at dei hadde gaatt burt seg. Det verste var det, at skuggarne vart lenger og lenger, og fuglarne flaug heimatt aat reirom sine, og det tok til aa dogge. Til slutt gjekk sola ned attum furutopparne, og det vart svalt og skumt i den store skogen.

Daa tok dei til aa bli rædde; men fram gjekk dei likevæl. Det laut fell eingong bli slutt paa skogen, og so fekk dei fell sjaa røyken heime, tenkte dei.

Men daa dei hadde gaatt ei lang stund att, vart det myrkt. Daa kom dei fram paa ei stor slett, der det stod so tett med smaabuskor burt-yver allestad. Dei tykte mestsom dei skulde vera kjende der og, og daa dei saag seg ikring so godt dei kunde i myrkret, jau so bar dei til aa skjyne, at dei hadde gaatt i ein stor rund ring, og no var dei komme attende aat bringebærskogen att, der dei hadde plukka al den store gjilde bringebæra. Og no var dei so trøytt, og so sette dei seg ned paa ein stein og gret.

„Eg er so svolten“, sa Ingebjørg.

„Ja, gjev vi hadde havt ei kakuskjive med smør paa!“ sa Liv.

Med det sama kjende ho nokot paa fanget sit, og daa ho tok i det, so var det ei stor kakuskjive med mykje smør paa.

„Nei, so rart som detta var!“ sa Ingebjørg; „eg hev ei kakuskjive i handa.“

„Nei, hev du ei kakuskjive du og?“ sa Liv. „Eg hev ei, eg og. Tør du eta?“

„Ja, eg er so svolten“, sa Ingebjørg. „Berre eg hadde ein kopp med god mjølk attaat!“

Inkje fyrr hadde ho sagt det, fyrr ho kjende ein stor kopp millom fingrom sine. Med det sama sa ho Liv: „Nei, veit du, kva eg hev i handa mi, Ingebjørg? — Ein stor kopp med mjølk! Nei, detta var rart!“

Men daa dei var so svoltne, so aat dei og drakk likevæl, og du kan tru, det smakad. Daa det var gjort, gjeispad ho Liv og strekkte seg og sa: „Aa, den som no hadde seg ei god mjuk seng aa sova 'ti!“

Med det sama det var sagt, kjende ho frammed seg ei fin mjuk seng, og det sama kjende Ingebjørg og. Dei tykte nok, det var rart; men dei var so sømnuge og trøytt, so dei tenkte inkje meir paa det, men berre lagde seg upp i sengjerne under den gode varme dyna og bad si kveldsbøn og grov hovudet ned i dyna. Og so somnad dei baae og sov so søtt og godt, som laag dei heime hjaa henne mor i sengjom sine egne.

Daa dei vaknad, stod sola høgt paa himlen; det var slik ein vakker sumarmorgen der i skogen, og fuglarne flaug i toppar og greiner og kvitrad og song. Dei saag forundrad ikring seg, og dei visste mest inkje, um dei skulde tru seg sjølv, daa dei saag dei hadde sovet i skogen innimillom bringebærbuskom. Dei saag paa einannan, og dei saag paa sengjerne, paa dei kvite lakena, som var av fint linlerefte, og som var breitt yver lauv og mose, og paa den rosutte dyna. Sidstpaa so sa ho Ingebjørg: „Er du vakji, Liv.“

„Ja“, sa Liv.

„Eg drøymmer enno eg,“ sa Ingebjørg.

„Nei“, sa Liv; „men det bur visst ein god aand her millom desse bringebærbuskom. Aa, no skulde eg ynskt, vi hadde ein kopp varm kaffi og eit ferskt kveitebrød attaat!“

Strakst stod det frammed deim — millom baae sengjom — eit litet brett av sylv med ei forgjyllt kanne og tvo fine kvite porselinskoppar med forgjyllt kant, ei sukkerskaal av krystal og ein fløytemugge av sylv og eit porselinsfat med varme kveitebrød paa. Smaagjentorne skjenkte kaffi i kopparne, hadde 'ti sukker og fløyte og drakk. Aldri hadde dei drukkjet so god kaffi.

„No skulde eg havt hug til aa visst, kven som hev gje't oss alt dette,“ sa Ingebjørg; „so eg kunde faatt takkat honom.“

„Det hev eg gjort, kjære smaagjentar!“ sa det burti buskom. Det kvakk lite i gjentom, og endaa ræddare vart dei, daa dei saag ein liten



graaklædd gamal mann med rau huve kom hinkrande fram utor buskom; han haltad lite paa vinstre foten. Han saag blid og god ut; men likevæl var dei so rædde, so dei torde inkje segja eit ord.

„Vær inkje rædde, smaagjentorne mine!“ sa den vesle mannen og grein so blidt aat deim; for skratle kunde han inkje, av di munnen hans var so skakk. „Vælkonne skal de vera i mit rike! Hev de sovet godt og etet godt og drukkjet godt?“ spurde han.

„Jau, det hev vi,“ sa dei baae; „men seg oss — —,“ og so vilde dei spurt mannen, kven han var, men dei vaagad seg inkje til.

„Eg skal segja dykk, kven eg er,“ sa mannen. „Eg er bringebærkongen; eg raar yver alle desse bringebærkjørra; det er riket mit, og her hev eg butt i mange tusen aar. Men den store aanden, som raar yver skogen og havet og himmelen vilde inkje, eg skulde bli stolt av mi magt og lange livetid. Difyr hev han stellt det slikt, at eg skal umskapast til ein liten bringebærmark ein dag kvart hundrad aar, og i slik ein veik og verjelaus skapnad skal eg liva den dagen, fraa sola gaar upp til ho gaar ned. Med detta staar paa, so heng livet mit berre i livet aat den vesle marken; ein fugl kan taka meg og eta meg, eit barn kan plukke meg med bærom og trampe ihel det livet, som hev varat i mange tusen aar, og som ellest kunde vara i mange tusen til. Igaar var det nett denna stakarsdagen min, og eg vart plukkad

med bringebæra, eg sat i, og eg hadde so nær vortet iheltrampat, hadde inkje de voret so snille og hjelpt meg. Daa de bles meg ned fraa bordet dykkar, vriklad eg den eine foten min, og daa bror dykkar vilde trampe ihel meg, vart eg so forfæld, so munnen min kom paa skakke. Men daa det vart kvelden og eg fekk att rette skapnaden min, leitte eg etter dykk, for eg hadde slik hug til aa takke dykk og løne dykk, for de hadde bergat livet mit. Og daa fann eg dykk baae her i mit eget rike, og eg tok imot dykk so væl eg kunde, nær eg inkje skulde skræme dykk for mykje. No vil eg skjikke med dykk ein fugl, som skal syne dykk vegen heim. Far væl, kjære born! Takk fyr dykkar gode hjartelag! Bringebærkongen skal syne dykk, at han er inkje utakksam.“

Daa rekkte smaagjentorne mannen handa og takkad honom, og dei var so glade fyr dei hadde sparat den vesle bringebærmarken dagen fyrr. Dei vilde til aa gaa; men daa snudde mannen seg aat deim ein gong til og gjorde ein stygg gjeip med den skakke munnen sin og sa: „Hels honom Ivar og seg honom, at næste gong vi raakest skal eg ha den æra aa eta upp han!“

„Aa nei, gjer inkje det, kjære snille heri bringebærmark!“ sette baae gjentorne i paa ein gong; dei vart so forfælde fyr bror sin.

„Naa, ja, — fyr dykkar skuld skal eg forlata honom det,“ svarad mannen; „eg er inkje hemn-

gjirug. Hels honom Ivar og seg, at han skal faa ei gave fraa meg han og. Far væl!“

Daa tok Ingebjørg og Liv bærkogerne sine og skundad seg og sprang so lett og glad ned gjenom skogen etter der fuglen flaug fyre. So varad det inkje lengje, skal tru, fyrr det ljosnad i skogen, og dei tykte, det var rart, dei hadde voret god fyr aa gaatt so krokutt dagen fyrr. Og du kan tru, det vart glede, daa dei kom heimatt. Der hadde dei ventat og ventat alle og leitt etter deim; ho Tordis hadde inkje havt sømn paa augom sine um natta; ho trudde so visst, at ulvarne hadde etet upp dei kjære smaasysterne hennar. Men Ivar kom imot deim med ei korg i handa og ropte: „Sjaa her! Her er nokot, som ein gamal mann hadde med seg hit aat dykk istad!“

Daa dei so skulde sjaa etter, kva det var i korga, jau so var det tvo armband av myrkraue glimesteinar paa skøpnad som mogne bringebær, — aa, dei var so straalande vakre, dei skjein lang leid! Dei laag i kvar sin ask med utanpaaskrivt „aat Ingebjørg“ og „aat Liv.“ Men so var det ein ask til, og paa den stod det skrivet: „Ivar! Drep aldri den, som verjelaus er!“ og inni laag det ei kragenaal av diamant paa skøpnad som ein bringebærmark. Ivar vart lite flat; han skjynad nok meininga, og han tykte nok, at bringebærkongen laut vera ein framifraa snil mann, som kunde hemne seg so med det gode. Og bringebærkongen hadde inkje gløymt den store systra helder; for daa Tordis gjekk inn og skulde

duke middagsbordet, fann ho 12 store korgar med bringebær, so stor og god so aldri maken hev vortet funnet korkje fyrr elder sidan, og ingen visste, korleis dei var komne dit; men dei gat paa det alle. Og so vart det ei sylting og ei sukkring og ei bærkoking yver heile huset, og vil du, so gaar vi dit vi med og hjelper deim, so kanskje vi kunde faa sleikje sleiva; for der held dei sagte paa og syltar endaa den dag idag.

Barnespel i tri stykker.

Enn svensk, etter Topelund.

Sanningsperla.

Barnespel i tri stykkje.

(Fraa svensk, etter Topelius).

Kongen.

Dronninga.

Herolden.

Tulipan, hofgartnar.

Aks, }
Ertera, } borna hans.

Funtus i Furusund, mylnargut.

Mikkel Gauk, }
Purre Lauk, } leikkamratar aat Aks og Ertera.
Lili Sopp, }
Fiffi Hopp, }

Karl Flink, en fatig gut.

Vera, syster hans.

Bumburrifex, røvar og trollmann og menneskjeetar.

Bumburra, kona hans.

Pasupp, ein hund.

Ei eplekjering.

Ein skræppekræmar fraa Rusland.

Ei gjente med bær.

Ein tiggargut.

Folk av alle slag i kongsstaden.

Fysste stykkjet.

(Ei grøn eng utanfyre huset aat hofgartnaren. Ein ser plankegerdet til hagen paa den eine sida. Aks og Ertera og Mikkel og Purre og Lili og Fiffi dansar og leikar seg. Funtus er for feit til aa danse; han sit og ser paa).

Borna (syng).

Ja, no er det vaar i skog og blomsterseng,
og no dansar vi alt paa den grønne eng,
og no syng fell lerka fri og lett og glad,
vinden huskar muntert bjørkas lette blad,
sjølv den tunge grona lyt seg røyve.

Sus, ja sus no, vind, ja sus med al di magt!
Tusen, tusen myggar dansar med i takt.

Ja, no er det vaar i skog og blomsterseng,
og no dansar vi alt paa den grønne eng,
og no syng fell lerka fri og lett og glad,
vinden huskar muntert bjørkas lette blad;
sjølv den tunge grona lyt seg røyve.

Mikkel (slær Fiffi). Sidsten!

Fiffi (slær Ertera). Sidsten hev du!

Ertera (slær Purre). Nei du!

Purre (slær Lili). Nei, Lili hev han!

Lili (slær Aks). Aks hev han!

Aks (slær Funtus). Nei, Funtus hev han!

Alle borna.

Funtus hev sidsten! Funtus hev han!

Funtus

(strævar med aa faa reist seg).

Naa — bi lite — bi lite! Kom berre hit,
so skal de faa honom att!

Borna

(spring undan honom og syng).

Æ—bæ—bæ—bæ fyr tjukke laar!

Sidst—sidst—sidst—sidsten i hundre aar!

Æ—bæ—bæ— fyr ein kagge rund!

Fun—tus—tus — Funtus i Furusund!

Funtus.

Bi berre, eg skal funtusse dykk eg! Det var galet, at eg aat so mykje graut til middags; eg trur mest han hev gaatt aat føtom.

(Borna spring undan, og Funtus lunkar i mæk etter deim. Tulipan kjem ut fraa huset med ei hagesprøyte i handa).

Tulipan.

Jau, eg kunde tru det; no flyg dei leie ungarne og trakkar ned graset att. Aldri gjer dei annat enn ugagn heile Guds skapte dag. Vil de halde dykk aat gongom, segjer eg! De kan berre vaage aa snuse i hagen! Røyver de so mykjet som kvisten av ei bjørk innanfyre planke-gjerdet, so skal eg lata honom danse paa ryggen dykkar! (Fyr seg sjølv). Jau, det skulde sjaa vakkert ut, um dei braut aav kroningstulipanen, som eg no hev vatnat og ställt um i 6 vikur liksom mit eget barn. Han bli so maate ferdig, til kongen og dronninga skal kronest i yvermorgon. Eg undrest paa, kva kongen vil segja, nær han fær sjaa slikt eit mirakel. Han lyt no fell mindst gjera meg til riddar av store stökkrosa. Det er ein kladas, som forslær; han er so stor, at han røkk heilt ned paa magen! — Uff, det er varmt idag! Nær eg berre hadde nokon til aa hjelpe meg aa vatne i hagen! Men dei borna forstaar seg

inkje paa annat enn flyging og tøv! (Karl og Vera kjem gangand). Der kjem tvo nye ungar! Kva er de fyr folk? Kva hev de her aa gjera?

Karl

(lettar paa huva).

Vi er tvo fatige born. Vi hev korkje far elder mor. Far var soldat og fall i krigen.

Vera

(nigjer).

Og mor selde næpor aat kongen. No er vi meint paa aa gaa til kongsstaden og faa oss tenest.

Tulipan.

Jau, det skal du faa meg til aa tru; slike smaa stakarar skal faa tenest! Men — meiner de, de kan hjelpe meg lite? Kan de vatne blomar?

Karl.

Vatten kan eg sagte bera.

Vera.

Og eg pla' vatne næporne hennar mor, den tid vi hadde det vesle næpestykkjet vaart.

Tulipan.

Det er bra. No kan de vatne blomarne i hagen der, so skal de faa mat og hus til imorgon. Men pass dykk fyrr tulipanen! Høyrer de, pass dykk fyr tulipanen! Den skal gjøymest aat kongen til sjøve kroninga. Gakk no! Eg kjem strakst etter. Pass dykk fyr tulipanen, segjer eg! Pass dykk fyr tulipanen! (Gaar inn i huset).

Karl

(tek sprøyta).

Kom, Vera, so skal vi gjera, som han bed oss.

Vera.

Det maa vera ein fin tulipan. Den lyt vi passe som vaare eigne augo.

(Dei gaar).

Aks

(tittar yver plankegjerdet innanfraa hagen).

Kom hit, gutar! Kom hit, so narrar vi Funtus etter oss!

Purre

(innanfyrr plankegjerdet).

Berre inkje far din bli vond!

Aks.

Pøh — kom berre!

Ertera

(innanfyrr).

Kom hit, gjentor! Kom berre! Ver inkje rædde!

Fiffi

(innanfyrr).

Der er Funtus! Der er Funtus!

Aks

(innanfyrr).

Kom, spring attum buskorne, so han inkje fær sjaa oss!

(Ein høyrer følt til styr inne i hagen).

Mikkel

(innanfyrr).

Ai, no flaug du yver blomstersengjerne!

Aks.

Pøh, blomstersengjerne! Kom berre! Kom, so inkje Funtus fær sjaa oss!

Funtus

(Kjem inn pustandes og blaasandes og sett seg, med eine foten under seg, utanfyre plankegjerdet).

Pu—u—u! Eg hev flogjet ihel meg! Eg ryk sund, eg braanar, eg bli til mose! Tru, um eg hev føterne mine heile? Jau, her er den eine. Men kor er den andre? Hev ingen set den andre foten min? Kor i al verda hev eg gjort av den andre foten min?

Borna

(tittar, med nasarne utgjenom sprungorne i plankegjerdet og syng, paa tonen "Gubban Noah", soleis at kvar etter sin tur syng "Funtus").

Funtus, Funtus, Funtus, Funtus
uti Furusund!

Nær han gjekk i kvennom,
mol han der med tennom
kveitebollar, kveitebollar
rett av hjartans grunn.

Funtus

(er mest paa graaten).

Vænt lite! Hev nokon set, kor eg hev tapt burt eine foten min?

Borna

(syng).

Funtus, Funtus, Funtus, Funtus
uti Furusund!

Nær han gjekk i kvennom,
mol han der med hendom
mjølkegrautar, mjølkegrautar
rett av hjartans grunn.

Funtus.

Eg skal mala baade kveitebollar og mjølkegrautar aat den, som finn att andre foten min!

Aks

(rekkjer ut ein kjepp gjennom plankegjerdet og slær Funtus paa foten).

Der hev du den andre foten din!

Funtus

(hoppar upp).

Au — au! som det svid! Au — au! Men
— kva er det fyr slag? Jamen trur eg, eg hev
tvo føter. (Reknar). Ein — tvo. Nei, lat meg rekne
uppatt! Ein — tvo! (hoppar ut reint forstyrrad av glede).
Eg hev funnet att den andre foten! Eg hev
funnet att den andre foten min!

(Borna staakar i hagen).

Aks

(tittar yver plankegjerdet).

Far kjem! Far kjem!

Ertera

(innanfyre).

Høyrer de, gjentor! Snakk inkje um, at vi
hev voret i hagen!

Aks.

Ja, høyrer de, gutar! Snakk inkje um det
aat 'om far!

(Han gjoeymer seg att).

Tulipan

(kjem ut ifraa huset).

Det var rett dumt gjort, at eg skulde skjikke
dei framande borna paa eiga hand ut i hagen.
Eg undrest paa, um dei læt stikelsbærkartan i
fred. (Han tittar inn gjennom plankegjerdet). Aa, i al verd'n,
kor her ser ut! Er det Tyrkar, som hev grasserat

i blomstersengjom? — — Aa! Tulipanen! Tulipanen min! Den store, vakre, vidunderlege tulipanen min!

Karl

(i hagen).

Kom, Vera! Det er leitt; men vi kan inkje hjelpe fyr det.

Vera

(i hagen).

Vænt, eg skal freiste paa aa reise upp den vakre tulipanen.

Tulipan

(utanfyre).

Var det inkje det, eg sa? Var det inkje det, eg sa? No hev dei svinagtige tiggaringarne flogjet som hottentottar yver blomstersengjerne mine, og no staar gjenta der og bryt aav den vidunderlege tulipanen! Kom hit, so skal eg lære dykk!

Karl

(innanfyre).

Kom, Vera!

(Aks og Ertera og dei andre borna kjem inn fraa andre sida, liksom dei kom fraa skogen).

Tulipan.

Aa—haa! Er de der de og? Hev de trampat ned sengjerne, dykre ulukkesfuglar? Elder hev de voret i hagen kanskje? Seg!

Ertera.

Nei, søte papa, vi kjem ifraa skogen.

Aks.

Ja, vi hev skoret oss pipilar*) der.

Fiffi.

Og so hev vi plukkat jordbær.

Lili

(puffar henne i sida).

Fy, kor du lyg!

Fiffi

(til Lili). Hysj du! (Til Tulipan). Det var so fælt steinutt i skogen. Eg hev tapt burt den eine skoene min.

Mikkel.

Og eg hev skjeivat den eine styvelen.

Purre

(sagte).

Ja, daa du flaug paa blomarne hans farbror.

Mikkel

(sagte.)

Teg still, ellest fær du juling!

(Funtus kjem inn; han gaar og kjenner paa føterne sine).

Tulipan.

Kva bry eg meg um dykre sko og styvlar!
Berre de inkje hev voret i hagen?

Funtus.

Jau, vi heldt paa — —.

Fiffi

(held honom fyr munnen).

Tegjer du inkje still, skal eg stela fraa deg føterne!

*) Pipil = seljufloyte.

Ertera.

Kva segjer papa? Hev nokon gjort ustell i hagen?

Aks.

Hev nokon faret ille med tulipanen hans papa?

Tulipan.

Aa, eg stakars mann! Blomarne mine er øydelagde — og kroningstulipanen min er aavbrotten! Kva vil kongen segja!

Fiffi.

Eg syntest, eg saag tvo framande born i hagen.

Mikkel.

Ja, sjaa der kjem dei baae tvo, og gjenta hev tulipanen i handa!

(Karl og Vera kjem inn).

Tulipan.

Dykre moldvarpar! Kaalmarkar! Epletjuvar! Koss hev de vaagat dykk paa aa fara slikt aat i hagen? Veit de inkje, at kongen kan piske slike udyr med brenneslor, og det kan eg med!

Karl.

Kjære herr Tulipan! Daa vi kom ut i hagen fyr aa vatne blomarne, var det alt trampat paa og øydelagt alt ihop. Inkje kan vi gjera fyr det.

Vera.

Og her er tulipanen, kjære herr gartner! Eg freistad paa aa reise honom uppatt; men han kunde inkje staa, han var broten tvert aav.

Tulipan.

Nei høyr, kva dei segjer dei sporvungarne!
Dei læst som dei inkje visste av nokot!

Fiffi.

Nei, som ho kan stelle seg uskjyldug! Lik-
som inkje alle visste, at ho hadde brotet aav
tulipanen!

Aks.

Aa, som han kan gjera seg til! Liksom han
inkje hadde flogjet yver alle sengjerne!

Lili

(sagte til Fiffi).

Men Fiffi daa, det var daa du!

Purre

(sagte til Aks).

Men Aks daa, det var daa du sjølv, og vi
fylgde etter!

Fiffi og Aks.

Du lyg! Det var dei der!

Mikkel og Ertera.

Ja, tiggaringarne hev gjort det alt ihop.

Funtus.

Bi lite, no kjem eg ihug det. Det var inkje
dei der; men det var — — —.

Fiffi

(sagte).

Høyrde du inkje, at kongen kan piske oss
alle med brenneslor?

Funtus

(sagte).

Ja, men nær dei er uskjylduge — — —.

Fiffi

(sagte).

Kvar er seg sjølv næmast — —.

Funtus

(sagte).

Det var leitt det, Fiffi! Eg kjenner alt, kor neslorne svid.

Tulipan.

Høyrer de det, dykre ormungar? Høyrer de det, dykre spyflugor? Alle segjer, at det var dykk, og det hev eg set med mine eigne augo.

Karl.

Eg skal segja dykk nokot. Syster mi og eg bruker aldri paa aa ljuge.

Vera.

Den gongen mor vaar døydde fraa oss, daa kallad ho oss burtaat seg, og so sa ho: kjære borna mine, sa ho; eg er fatig og eg hev korkje sylv elder gull aa gje' dykk, nær eg døyr. Men eg vil gje' dykk det, som betre er enn sylv og gull, og det er tri spraak utor bibelen. Vil de høyre dei tri spraaka?

Tulipan.

Naa — koss lyd dei spraaka?

Karl.

Jau, det fyste er av Visdomsboka, og det lyd slikt: „Den munnen, som lyg, han drep si sjæl.“

Vera.

Og det andre er av Syraksbok, og det segjer so: „Tal aldri imot sanninga, men lid helder spott og hard medferd, um du skjyldug er.“

Karl.

Det tridje er av Syraks bok det og, og det lyd so: „Verj sanninga inntil dauen, so skal Gud Herren stride fyr deg.“

Tulipan.

Det er vakre spraak. Men trur de paa deim og?

Vera.

Ja, herr gartner! Mor vaar lærde oss deim, nær ho døydde.

Karl.

Og soleis kan de nok forstaa, at vi aldri lyg-

Tulipan.

Kjære born! Eg tek til aa tru, at de er uskjylduge.

Fiffi.

Jau, det er riktig vakkert, nær ho staa der med tulipanen i handa!

Aks.

Og papa ser inkje, at han hev mold paa føtom sine fraa blomstersengjom.

(Purre og Lili dreg 'ti klædom deira, men det nyttar inkje).

Mikkel.

Kven annan skulde gjort det?

Ertera.

Det hev daa inkje voret nokon annan i hagen.

Tulipan.

Ja, det er sannt. Og lel staar de og lyg fyr meg, de falske elendige tiggarrungar! Pakk dykk herifraa paa flekken, so langt de kan! De kan takke til, at eg inkje skjikkar bod paa lensmannen. De borde kjøyrest i fangeholet. Aa fara slikt med mi einaste glede, min fine vakre kroningstulipan! Men vænt berre — vaagar de dykk aat staden, so skal eg fortelja kongen, kva de hev gjort.

Karl.

Kom, Vera! Tak deg inkje nær av det, kjære vesle syster mi! Vi er nok fatige; men vi er rike lel, so lengje vi eig arven etter henne mor.

(Dei gaar).

Tulipan.

Aa, eg ulukkelege mann! Eg ser ut som ein avblomstrad tulipan! Kva vil kongen segja, nær han skal kronest forutan kroningstulipan?

(Gaar).

Purre

(aat dei andre).

Farvæl med dykk! Eg synest inkje um, at vi hev logjet paa dei fatige borna.

Lili

Inkje eg held. Det sit liksom ei naal i hjartat paa meg.

Ertera.

Kanskje du vilde havt ris av brenneslor?

Aks.

Og so hev dei ingen skade lidet. Papa let dei toskutte borna nokso pent faa gaa.

Mikkel.

Ja visst. Dei slapp med berre aa faa eit leitt ord paa seg. Og so gjekk vi fri.

Fiffi.

Du, Purre, og du, Lili, de skal fell laast ha fint samvit no! Den, som tegjer og samtykkjer nær andre hjelper seg med ei lita nødlygn, han er inkje det slag betre enn dei.

Funtus.

Ja, so er det. Fy skamm, fy skamm fyr oss allesaman!

(Han tek til aa gaa).

Fiffi.

Nei sjaa paa Funtus i Furusund! Kor skal han av med dei stakars ulukkelege føtom sine?

Funtus.

Jau, Funtus stakar er lite toskutt; men no vil han syne, at han er ein ærleg kar.

(Slutt paa fysste stykkjet).

Andre stykkjet.

(Stugu hans Bumburrifex i ville skogen. Paa veggen heng det byrsor og sablar. Eit ljøs brenn paa bordet. Ei stor omussøpe staar burti eine roa. Bumburra sit einsleg og kardar ull).

Bumburra

(syng).

Sov du vesle ullegarn,
sov paa kardetinnor!
Ulltapp er mit lindebarn,
ulltapp, som eg tvinnar.
Verda liksom karda er
full av taggar og besvær.
Sov mit vesle lindebarn,
sov paa kardetinnor!

Vesle barn, nær du bli stor,
tek eg mjuke lokken,
spinner deg so fin som flor
paa den snille rokken.
Hjulet snurrar, tida fer;
liten ulltapp bli heilt svær.
Vesle barn, nær du bli stor,
bli du lang paa rokken.

Men her sit eg og kardar og gløymer, at mannen min snart kjem heim. Mannen min det er den store Bumburrifex det. Ja, stor er han, det er visst; men han fekk helder vera mindre enn ei mus, nær han kunde leggje aav dei stygge uvanarne han hev. Det er inkje fritt, det er lite

uhyggjelegt sumetider, aa vera gjift med ein røvar og trollmann og menneskjeetar. Men det er inga raad med det. Nokot lyt ein ha aa taka seg til her i verda. Mannen min er paa si vis ein bra kar. Nær han røvar nokot, so er det fraa andre røvarar. Nær han trollar, so er det berre fyr moro skuld; nokot lyt han ha aa moroe seg med, stakar, i ledige stunder. Menneskjetter han aldri, minder han er reint forsvolten, elder nær eg inkje hev mat nok i skaapet. Slikt som no idag. Det var min santen inkje spøk fyr smaaborn aa vaage seg hit no, eg hev berre ei høne i gryta. Allermindst soldatborn! Naa, fyr den sak skuld kan eg vera trygg; det er eit hundeve'r i skogen; det regner, som himelen var open. Eg tenkjer, Pasupp stakar er glad, han kan krype i huset sit derute.

(Pasupp gjevr utanfyr: vou—vou—vou!)

Jaso — mannen min kjem heimatt! Og eg som inkje hev meir enn ei høne til kveldverd aat honom! Eg hev nok ein gris og; men det er julegrisen. (Ho læt upp døra; Karl og Vera stig inn). Kva i al verd'n? Tvo born!

Karl.

Kjære mor, ver so snill og gjev oss hus til natta! Vi er tvo fatige born, og no er vi gjennomvaate av regnet.

Bumburra.

Pakk dykk strakst utatt! Vi hev inkje rom fyr altslags folk, som flakkar um i skogen.

Vera.

Vi hev korkje far elder mor. Vi hev gaatt villt i myrkret, og det er fullt av ulvar i skogen.

Karl.

Men so saag vi eit ljøs langt undan, og vi vart so glade, daa vi fann ei stugu i skogen.

Bumburra.

Glade? Ja, eg tenkjer de var glade, um de visste, kor de var komne. Det var betre fyr dykk aa sova i ulvehiet! Men eg lyt fell gjera det eg kan fyr dykk, stakar. Bli de uppetne, so skuld inkje paa meg!

Karl.

Kven skal bli uppeten?

Bumburra.

De elder eg; men det bli fell inkje eg, kan eg tru. Mannen min, den store Bumburifex, er menneskjeetar maa vita.

Vera.

Hu, Karl, kom lat oss gaa att! Eg er so rædd!

Karl.

Kona vil berre skræme os lite.

Bumburra.

Inkje kan de bli her, og inkje kan de gaa ut aat graabeinom. Naa — so fær de bli her lel. Det bli fell ei raad, berre de inkje er soldatborn. Mannen min er vond paa soldatar, fyr dei

inkje læt honom røve ifred, og difyr plar han sumetider eta upp borna deira.

Vera.

Høyrer du, Karl! Han er røvar med!

Karl.

Far vaar var soldat; det skal eg aldri nekte fyr. Men du hjelper oss nok, kjære snille kona!

Bumburra.

Au—au, det var verre. Stakars born! Men julegrisen lyt eg spara lel. (Pasupp gjøyr: vou—vou—vou!) Haa haa! Fort ned i ullkorga med dykk og røyv dykk inkje, um de hev livet kjært! (Ho stappar deim ned i ullkorga og breier eit tæpen yver deim. Pasupp gjøyr att). Naa — naa, Pasupp! snill bisk! No kjem eg strakst. (Ho opnar døra; Funtus smyg inn). Haa haa! Ein til att, som stundar paa aa bli uppeten! No hev eg fem aa passe: tri born og ei høne og ein julegris!

Funtus.

Kva slag? Ein gris? Kan eg faa meg ein syltefot? Det var bra; eg er nødd um nye føter; eg hev flogjet sund dei gamle. Finnst her ein smed, som kunde slaa paa meg eit par dygtuge hestesko?

Bumburra.

Kva er du fyr ei menneskje?

Funtus.

Eg er inga menneskje; eg er Funtus i Furu-sund. Han Tulipan jagad meg fraa kverna, fyr det eg sa aat honom: herr Tulipan, sa eg, det var inkje dei fatige borna, som trampad ned

blomstersengjerne; det var oss alle ihop, sa eg. Aks flaug fysts yver sengjerne, og Fiffi braut aav tulipanen, og eg ramsad aat meg ein heil neva med stikelsbær, sa eg. Du lyg, sa Aks. Pass føterne dine, sa Fiffi. Vil du pakke deg, sa herr Tulipan. Og so flaug eg, solangt vegen rokk, og daa vegen vart slutt, so kom eg hit forutan føter.

Bumburra.

Det var synd paa den der vesle kulten; eg synest um honom. (Pasupp sett i: vou—vou—vou!) Fort, gjøym deg der burti roa bak omnssopa og røyv inkje ein lem, fyrr eg snakkar aat deg!

Funtus.

Kvifyr det, mor?

Bumburra

(dreg honom burt i roa).

Fyr det at mannen min liker slike kultar. (Det dunkar hardt paa døra). Naa — naa! No kjem eg, no kjem eg! (Fyr seg sjølv). Jau, no er det godt tilsteltt. Og eg, som inkje tør slagte julegrisen! (Opnar døra).

Bumburrifex

(stig inn).

Naa, Burra! Seg, kva hev du no til mat? Eg er so svolten som ein potentat. Med sjumilsstyvlar hev eg flogjet heile dagen og hengt upp røvarar i grænom etter kragen. — Aat husmannskjerringa, ho som du veit, ho som ei hadde meire enn ei gjeit, som ho hev misst — aat henne trollad eg ei ku istaden. Ja, du kan tru, den stakars kjerringa vart flat! Men seg meg, Burra, kva hev du til mat?

Bumburra.

Du skal faa høn'steik, slik som du vil ha den,
berr' litet steikt. Men, Burre, kjære du,
kva hev du etet fyrr idag, skal tru?

Bumburifex.

Tvo ikorn og ein katt, ein liten hund
og tvo smaa bjørnar. Det forslær ei mykjet.

Bumburra

(sett fram den steikte høna aa honom).

Nei, sjaa den høna! Sjaa det gjilde stykkjet!
Det vore mat fyr sjølve kongens munn!

Bumburrifex

(eter).

Ja, kongen! Du kan tru, no er han vond!
Du hev fell høyr't um det der perlesmykkjet,
som dronninga hev faatt utav ei fe?
No hev ho misst det.

Bumburra.

Eg bli annars ved!

Bumburrifex.

Og sidan — — — (han ve'rar med nasen).

Men her luftar kristent blod!

Bumburra.

Et, kjære søte! et, og gnag væl beina!

Bumburrifex

(eter).

Dei lyser upp, at den, som finner denna — —
ja denna perla, meiner eg — — han — — (han nys). Men greitt
her luftar kristent blod!

Bumburra.

Jau, du skal bli feit!

Det er den gamle magre katten, Murre.
Gnag berre høna du, min kjære Burre!

Bumburrifex

(gneg).

Jau, den som finner perla, han fær naade
og kjemer i det mindste inn i raadet.

Eg skulde nok ha moro av aa prøve! — — —

(Han ve'rar att og reiser seg upp).

Men det kan aldri vera katten, du!

Eg ve'rar born — smaa born — — (han nys).

Bumburra

(stiller seg atti vegen fyr honom).

Kor kan du tru?

Prosit, min mann! Hald upp aa fara slikt og tøve

Du er for 'gamal til aa fara med slikt vas — —

(held honom fraa korga).

Nei, der i korga er eit kaalrotlass.

(Held honom fraa roa).

Og der i ro'n eit gamalt pyls'skjinn henger.

Bumburrifex

(dreg fram Funtus).

Er det eit pyls'skjinn?

Funtus.

Hu, kor han augo vrengjer!

Bumburra

(fyr seg sjølv).

Det ute er med guten!

Bumburrifex

Det var bra!

Her fær eg meg ei steik. Ha ha! Ha ha!

Funtus.

Naadige herr menneskjeetar! Spar livet mit!
Eg er berre skjinn og bein, som de ser. Ver so
snill og et helder upp den leie hunden; han hev
slik svær pels; de vil bli riktig varm innvertes.

Bumburrifex.

Svar meg, hev far din voret soldat?

Funtus.

Farbror min er mylnar, og han heiter Mylnarmatias. Deres høgvelborenheit kjenner visst honom; han var kjend med Tatar-Lisa og Fride og Frode. Gakk aat honom, so fær de ein mjølsekk, som duger til graut, og eg duger inkje til velling eingong.

Bumburrifex.

Fannst her eit soldatbarn, so skulde eg sleppe deg att.

Funtus

(skrik).

Finnst her ingen soldat, som hev eit barn tilovers?

Karl

(kryp fram utor korga).

Her er eg; far min var soldat.

Bumburra

(fyr seg sjølv).

Naa, han er daa bra hissug paa aa bli steikt til kveldverd!

Bumburrifex.

Nei, sjaa paa kaalrøterne, dei fær føter under seg dei med! Jaso, so du er eit soldatbarn? Veit du, at eg er svolten og er meint paa aa eta upp deg paa flekken?

Karl.

Ja, eg veit det.

Bumburrifex.

Naa, kvifyr heldt du deg inkje i korga, din tosk?

Karl.

Jau, for du vilde eta upp Funtus, og Funtus hev sagt sanninga, med dei andre laug paa oss.

Bumburrifex.

Det er fell inkje fleire kaalrøter i korga? (Karl tegjer). Ljug lite, gut! Ljug lite grand, so gaar det deg godt her i verden! Det er mangein, som trur, at ei lita nødlygn inkje kan skade.

Bumburra

(puffar Karl i sida).

Ljug lite! ljug berre paa!

Funtus.

(puffar honom i andre sida).

Kjære du, ljug lite! Berre til nødberging!

Karl.

Nei, eg lyg aldri. Men eg svarar berre fyr meg sjølv, eg slarvar inkje um andre.

Bumburrifex.

Det var ein stridbukk. Naa, eg kan sjølv sjaa etter i korga, nær eg hev etet upp deg. Legg taa deg trøya, so smakar du betre!

Bumburra

(fyr seg).

Aa, at eg inkje skulde ha meir enn ei steikt høne!

Funtus

(skrik).

Han eter upp oss! Han eter upp oss! Finnst her inkje nokot barn tilovers?

Vera

(tittar upp utor korga).

Kjære menneskjeetar, lat Karl vera, og et helder upp meg!

Bumburrifex.

Aa haa! Der er ei lita næpe millom kaalrøtom. Ho skal smaka godt til etterrett.

Bumburra

(gaar ut).

Nei, um det so var ein paaskegris, so skal han i gryta no!

Karl

(riv ein sabel ned fraa veggen).

Vaagar du røyve syster mi, so gjer eg med deg, som David gjorde med Goliat!

Bumburrifex.

Naa — koss gjorde David med Goliat?

Karl.

Han hogde hovudet av honom.

Bumburrifex

(skrattar alt det han er god fyr).

Hahahaha! Nei — det var det morosamste, eg hev voret ute fyr paa lang tid! Hogge hovudet av meg! Nei, det var for lögjet — hahaha — hohoho!

(Funtus smyg attanfyr Bumburrifex og spenner krok fyr honom og dreg honom ikoll).

Funtus.

Skund deg, Karl! Her er Goliat, og du er David!

Karl

(med lyft sabel).

Lovar du, at du inkje skal gjera vondt mot nokon av oss? Ellest bli eg nødd til aa slaa ihel deg, menneskjeetar!

Bumburrifex

(held ved aa skratte, der han ligg paa golvet).

Nei, hald! — — hihhi! — eg skrattar ihel meg — — hohoho — — det var det verste, eg nokon gong hev set — uhuhuhu — — hihhi — haahaahaa! — Tapre helt, spar livet mit!

Karl.

Ja, skratt berre du, men lov meg det eg krev, ellest — —

Funtus

(hermer etter Bumburrifex).

Uhuhuhu! Haahaahaa! Ljug lite gut, so gaar det deg væl her i verd'n! Veit du, at eg er svolten og er meint paa aa eta upp deg paa

flekken! Legg taa deg trøya, so smakar du betre!

Bumburrifex.

Nei, eg staar inkje ut det lenger — — eg døyr av skratt! Og endaa hev eg inkje faatt meir enn ei mager høne.

Bumburra

(kjem att).

Kva er det, eg ser? Mannen min paa golvet, so lang han er! Vaagar de dykk, born, aa vera nasavise mot den store Bumburrifex? Veit de inkje, at han kan skapa dykk um til kraakor paa flekken alle ihop?

Funtus

(kryp burti roa).

Hu, eg synest alt, eg kjenner ein kraakfot i den vinstre styvelen!

Karl

Vil du lova, du inkje skal gjera oss vondt?

Bumburrifex.

Gjerne det — nær eg berre fær meg meir mat.

Bumburra.

Sjaa her, kjære mannen min! Her hev du julegrisen! Det gaar fell inkje fyr betre kjøp no, kan eg tru.

Bumburrifex.

Naa — lat gaa! So sluttar vi fred.

Karl

(stikk sabelen i slira).

No kan du staa upp. Eg skal inkje hogge hovudet av deg.

Bumburrifex

(reiser seg upp).

Og eg skal inkje eta upp deg. Den eine grisen kan vera so god som den andre.

Funtus

(naadigt og hogtidelegt aat Bumburrifex).

Du kan behalde trøya paa! Eg sparar livet dit.

Bumburra.

Eg hev eit fyreslag aat dykk: vi gaar til byen alle ihop fyr aa leite etter perla aat dronninga. Kven veit, kva som kan hende? Dronninga hev faatt henne av Sanningsfea.

Karl.

Ja, vi fylgjer med.

Bumburrifex.

Rett, det er eit ord. Finn eg perla, so bli eg hofrøvar og kammartrollmann og kongeleg menneskjeetar.

Funtus.

Og finn eg perla, so bli eg Storfuntus av Furusund.

Song.

Vera.

Skal tru, eg stakars vækje
tør krype 'tor mi korg?

Bumburrifex.

Eg skal deg inkje steikje;
hav difyr inga sorg!

Karl.

Vi læt oss inkje skræme;
vaar far han var soldat!

Funtus.

Men Funtus, som er temme-
leg svolten, vil ha mat.

Bumburra.

Og grisen den laut vandre.
Kom, born, og et no med!
Nær Burre fær det andre,
fær de syltlabbarne.

Bumburrifex.

Nei grisen hit hev flogjet,
gjev den aat bornom du!
For hadde borna logjet,
so aat eg upp deim no.

Alle.

Ja, ærlegheit er basen
og varar lengste lel.
Kva hjelper heile stasen
fyr den, som lyg og stel?
Nær samvitet gaar fyre
og stakar livets veg,
skal sjølve meister Burre
tilsidst bli god mot deg.

(Slutt paa andre stykkjet).

Tridje stykkjet.

(Torget utanfyr kongsslottet. Paa den eine sida ein brunn, paa den andre nokre tre. Folk gaar att og fram. Ei kjering byd fram eple og grønsaker. Ein skræppekræmar byd fram slips og sløyfer og band. Ei lita jente byd fram bær. Ein tiggargut gaar og bed seg).

Eplekjerringa.

No staar heile hagen av eple so full,

haa haa!

Og epla dei er av det klaaraste gull,

haa haa!

Og den, som vil plukke

dei gode og tjukke,

fyr meg lyt han smeiske og nigje og bukke.

Haa! haa! Haa haa!

Skræppekræmaren.

Men vil du spasere i skogen ibland,

haa haa!

So lyt du nok kjøpe deg sløyfer og band,

haa haa!

Men fyrr enn du sluttar,

so sannt som du prutar,

so fær du paa kjøpet ein tri—fire stutar

med traad! med traad!

Gjenta med bærom.

Og vil ingen kjøpe dei vakre jordbæra?

Haa haa!

Det er al den rikdom, eg heve i verda,

haa haa!

Eit øyre fyr stykkjet

var inkje for mykjet;

men gjev de meg mindre, so segjer eg ikkje

haa haa! Haa haa!

Tiggarguten.

Eg kjem ifraa Norrland; det langt var hit ut,
aa aa!

Vaar aaker var frosen, vaart brød det var slutt,
aa aa!

Men Herren, som føder
dei smaasporvar brøder,
han vil fell og hjelpe ein gut, som i nød er.
Aa aa! Aa aa!

(Medan er Karl og Vera innkomne fraa den eine sida, og fraa den andre Lili og Fiffi og Mikkel og Purre. Lili og Purre og eplekjeringa og skræppekræmaren legg kopparpengar i luva aat tiggarguten).

Bærgjenta.

Kjære du, eg hev inkje pengar; men her skal
du faa heile korga mi. Er du svolten, so et!

Tiggarguten.

Nei, takk skal du ha!

Karl.

Eg hev inkje pengar eg helder; men trøya
mi er betre enn di. Kom, so byter vi trøye!

(Dei byter trøye).

Vera.

Og her skal du faa skjerfet mit.

Tiggarguten.

Takk skal du ha!

Fiffi

(aat Mikkel).

Ser du, Mikkel! Det heng eit rautt silkje-
band ut or skræppa aat kræmaren. Riv stilt
aat deg bandet du, med eg staar og talar med
kræmaren, og gjev det sidan aat meg!

Mikkel

(sagte).

Men det er galet aa stela.

Fiffi.

Pøh — den som kan ljuge, kan sagte stela og. Det er daa ingen, som veit det; vi nektar berre alt.

Mikkel.

Ja, det er sannt.

Fiffi

(aat kræmaren).

Nei, kor vakre slips de hev! Fær eg sjaa paa deim? Kor mykje kostar dei?

Kræmaren.

Skal det vera denne dobra duks elder denne karasjaa duks? Den dobra duks kostar 2 kronor; men vesle dusekinka skal faa den fyr 1 kr. 50, fyrdi ho er so søt.

(Medan stel Mikkel det raue bandet og lurar det ned i lumma hennar Fiffi).

Fiffi.

Nei, kor de er snill! Vil de selja slipset fyr 30 øyre?

Kræmaren.

Paskalusta! — 1 kr. 20? — 1 krone. Naa — lat gaa — 90 øyre fyr den dobra duks! Naaler og band — skal de ha? (Han leitar etter bandet). Voi, det raue bandet! Politi! Politi! Durak hev stolet det raue bandet mit!

(Det bli uppstyr millom folket. Karl kjem til aa velte korga aat eplekjeringa).

Eplekjeringa.

Politi! Politi! Epla mine! Aa, alle gullepla mine!

(Gartnar Tulipan kjem inn med Aks og Ertera. Dei ere alle svært fint klædde).

Tulipan.

Kva er her fyr styr? Av vegen, patrask, fyr kongens gartnar!

Aks.

Av vegen, patrask, fyr bornom aat kongens gartnar!

Eplekjeringa.

(tek Mikkel i kragen).

Det var han, som velte korga mi!

Karl.

Nei, det var eg. Ver inkje vond paa meg, eg vilde inkje gjort det. Men vil de ha skaden betalt, so kan de taka huva mi.

(Kjeringa tek huva hans).

Kræmaren

(til Karl).

Durak! Det er du, som hev stolet det raue bandet mit!

Fiffi.

Ja, det var han. Mikkel og eg saag det med vaare eigne augo. Er det inkje sannt, Mikkel?

Mikkel

(lite skamfull).

Jau, det er sannt.

Tulipan.

Aa haa! Eg kjenner att kjeltringen. Det var han, som braut aav den store tulipanen min. Og no hev han stolet og.

Karl.

Det er inkje sannt. Eg kan inkje ljuge, difyr kan eg inkje stela held.

Tulipan.

Hysj! Der kjem kongens herold. Av veggen fyr oss, som høyrer til hoffet!

Herolden

(marsjerer høgtidelegt inn og les upp ein plakate):

Vi Amundus den tjugende, konge av Mesopotamien, storherre til Solas oppgong og nedgong, greve til Maaneskjinet, friherre til Drakeland og sambunden med dronninga yver Sanningsriket, den stormegtuge Veritas, etcetra, etcetra, etcetra — — gjerer vitterlegt:

Ettersom ein vakker dag
dronning vaar, fru Amandille
plaagat var av tørsten ille
og av naadigt velbehag
tektest lute høge munnen
til aa drikke her or brunnen,
men derved uluklegvis
fall ifraa høgstsames panne
perla av uendleg pris,
som eingong var gjevet henne
utav dronning Veritas, —
so skal hermed kunngjerast
fyr det heile land og rike,
at kvar kongens undersaatt

freiste skal aa skaffe att
denna perla utan like.
Difyr det vaar vilje er,
at dei alle, gamle, unge,
arme, rike, lette, tunge,
klive skal i brunnen ner.
So vil vi og naadigst her
leggje kvar og ein paa sinne
løna fyr eit slikt besvær:
Den som lukka held seg nær,
den som perla maatte finne,
den skal vera kongen kjær,
skal hans høgste naade vinne.
Men det vere ogso sagt,
sosom Sanningas fyrstinne
staar usynleg her paa vakt
og hev yver brunnen magt:
Den, som eingong logjet hev,
— bert so lengje lynet for
ifraa himel ned paa jord —
den skal klive upp or brunnen
med eit merkje ikring munnen,
som skal vitne, kva han dreiv,
og i al hans livetid
staar det lygnarmerkjet 'ti.

Dette er vaart bod og befaling, gjevnet paa vaart
kongelege slott idag den 15de hujus i dette aar.

Amundus.

Alle.

Live kongen! Hurra!

(Kongen og dronninga kjem inn med heile sit fylgje og sett seg paa tronor,
som borest etter deim).

Kongen.

Goddag, mit folk!

Dronninga.

God dag, kjære folk! Korleis staar det til med dykk?

Tulipan.

Takkar so mykje, naadige dronning; vi slit paa tida, og tida slit paa oss, og ein dag gaar det so og ein annan so. Eg ynskjer berre, eg no hadde havt den vakre tulipanen, som eg hadde ætlat til kroninga; men desse tiggaringarne her braut honom aav. Det er nokre fæle ungar; dei hev stolet og, baade her og der.

Kongen

(til Karl).

Jaso, kva er du fyr ein?

Karl.

Eg heiter Karl, og syster mi heiter Vera. Far vaar var soldat og fall i kongens tenest. Vi er uskjylduge i det, som dei skuldar oss fyre, og til bevis paa det vil eg stige ned i Sanningsbrunnen.

Kongen.

Nei, vænt lite, guten min, til folket hev samlat seg. Eg synest godt um deg.

Dronninga

(til Vera.)

Du ser snill ut. Det var skade, um du alt skulde lært deg til aa ljuge og stela.

Vera.

Aa nei, fru dronning! Daa kunde eg inkje sungjet visa hennar mor.

Dronninga.

Naa, syng daa visa aat mor di, so fær eg høyre.

Vera.

Eg veit inkje, um eg tør. For det er ei vise um perla.

Kongen.

Jau, syng du, vesle gjenta mi, so hev vi nokot aa gjera, med vi vøntar.

Vera

(syng).

Det sat ein engel pad himlens rand
og saag, kor verda ho villad.
Det var so myrkt nedpaa jordas strand,
det tykte engelen var illa.
Og der var falskheit og fusk og lygn;
det gav i engelens barm ein styng,
og taara fraa honom trillad.

Daa fall den klaare, den vakre taar
ned som ei perle i havet.
Der laag ho gjøymd væl i tusen aar,
og gløymd var engelens gave.
Og alle saag dei den perle glans;
men ingen visste, kor perla fannst,
so djupt, so djupt nedi havet.

Ein dag so rodde — —

(ho stanar).

Dronninga.

Hald ved, barnet mit!

Vera

(tek til att).

Ein dag so rodde — — — (Med graaten i halsen).

Ein dag so — — —.

Kongen.

Aa haa! Eg skjynar det nok. Du hev faret med fanteri, og difyr kan du inkje syngje visa til endes.

Vera

(snyktar).

Ja, det hev seg slikt, at — — — i natt so tok eg — — — ei loppe — — — og so sa eg: no skal du — — — faa hoppe! — — — og so — — — og so la' eg henne i eit — — — i eit glas med vatten!

Dronninga.

Aa, du vesle uskjylduge barnet mit! Gud gje', at ingen av oss hadde større falskheit aa angre!

Tulipan.

Herre konge! Kan eg faa den æra aa presentere borna mine, den kjekke Aks og den snille blomstrande Ertera.

Aks

(skråpar med foten).

Dykkar majestæts tenar!

Ertera

(nigjer fornemt).

Dykkar majestæts tenarinne!

Kongen.

Detta akset der og den der ertera hadde visst bo aa treskest lite. — — Jau, sjaa der kjem det ein, som ser lugom ut til treskemaskjin! (Bumbur-rifex og Bumburra og Funtus kjem inn). Kva er de fyr folk?

Bumburrifex.

Herr konge, eg er den store Bumburrifex. Eg er vorten kjei av aa trolle og røve og eta upp menneskjør berre fyr moro skuld. Og daa kongen kan ha bruk fyr slik ein kar som meg, so hev eg tekjet med meg ranselen min.

Bumburra.

Ja, den bruker vi til aa stappe alle leie born nedi.

Funtus.

Og eg er Funtus i Furusund. Eg er vorten so feit, fyr det eg hev havt for lite aa gjera. Difyr skal kongen vera so god og gjera meg til politimeister, so fær eg springe nok, nær eg skal faa sett fast alle skjelmar i verda.

Kongen.

Det er bra; eg tek dykk alle i mi tenest. Men no er det paa tid aa leite upp perla. Herold, meld mit bod fyr folket!

(3 trompetstøyt).

Herolden

(melder).

Kongens bod og vilje er,
at, til perla den er funni,
skulo alle menn'skjør her
krype ned paa flekk i brunnen.

(Musiken spelar upp ein marsj, og alle, nærsom kongen og dronninga og herolden kliv ned i brunnen, den eine etter den andre).

Kongen.

No er heile mit folk i putten.

Dronninga.

Men, kjære du, koss kan dei alle faa rom nedi der?

Kongen.

Gjer deg inga sorg fyr det; brunnen er ovende stor nenantil, og dessforutan hev eg latet pompe ut vatnet. Myrkt er det som i sjøelve lygnriket; men difyr lyser sanningsperla berre tess klaarare. Den sannferdigste skal finne henne; men alle lygnarar og svikarar skal faa eit merkje fyr heile livetida. Den gode fea hev tenkt paa mit rikes beste. Ho hev gje't meg ei raad, so eg kan skjilja dei gode fraa dei vonde.

Dronninga.

Aa, lat meg faa sjaa! Faa sjaa, um nokon finn sanningsperla!

Røyster fraa brunnen.

Perla er funni! Perla er funni!

(3 trompetstøyt).

Herolden

(roper ut).

Kongens bod og vilje er,
at, daa perla no er funni,
so skal alle menn'skjør her
krype upp paa flekk or brunnen.

(No kjem den eine etter den andre oppkrypand. Fysst kjem Karl og Vera med ein orliten svart prikk paa kjaakebeinet. Vera gjev dronninga sanningsperla).

Dronninga.

Takk, vesle gjenta mi! Eg er riktig glad, fyr det du hev funnet perla. Du skal bli mit

eiget barn, og heretter skal du inkje narre so mykje som ei loppe eingong.

Vera.

Fru dronning! Karl og eg fann perla samstundes.

Kongen.

Du, Karl, skal bli min eigen gut. Men kva er det, eg ser? Du hev ein liten svart prikk paa kjakebeinet!

Karl.

Uff ja, herr konge! Eg hev narrat andre eg og. Eg hev lagt ut snaror fyr smaafuglom; eg hev lokkat deim med rognebær, og det var falskheit av meg.

Kongen.

Ja, der ser vi, at ingen her i verda er fullkomen rein. Alle hev vi ein elder annan gongen forbrotet oss mot den helige Sanninga. Berre englarne er reine fyr Sanninga sit andlet. Men sjaa, der kjem det ein til oppkrypand utor brunnen!

(Funtus kryp upp. Han hev ein halv svart ring kring yverlippa).

Funtus.

Aa, herr konge! Eg hev logjet, av di eg var rædd; men eg hev angrat meg etterpaa.

Kongen.

Difyr hev du ein halv ring, guten min.

(Lili og Purre kryp upp; dei hev meir enn ein halv ring kring munnen).

Lili.

Aa, herr konge! Vi hev tagt still med sanninga.

Purre.

Vi visste, at Karl og Vera var uskjylduge, og det gjorde oss vondt; men vi tagde lel.

Kongen.

Eg ser det paa munnom dykre, born!

(Tulipan kryp upp, sotutt um munnen).

Tulipan.

Aa, naadige herre konge! Eg hev trutt paa lygna og logjet sjølv, av di eg var harm paa Karl og Vera.

Kongen.

Difyr vil eg gje' hagen din aat deim.

Karl og Vera.

Naade, herr konge! Naade!

Kongen.

Naa ja — vi fær sjaa, um han betrar seg. Men kven er det, som kjem der so svarte og fæle?

(Aks og Ertera kryp upp. Dei hev store svarte ringar kring heile munnen).

Ertera

Aa, herr konge! Vi hev logjet so fælt paa Karl og Vera!

Aks.

Aa, herr konge! Det var eg, som trampad paa tulipanen hans far!

Kongen.

Naa — so skal Bumburrifex taka dykk.

Karl og Vera.

Naade, herr konge! Naade!

Kongen.

Ja, det kjem an paa. Men — fyr dykkar skuld — vi fær sjaa so lengje.

Dronninga.

Nei, men sjaa paa dei der! Dei ser daa ut som livslivande morianar!

(Fiffi og Mikkel kryp upp. Mikkel er reint brun og Fiffi reint svart i andletet).

Mikkel.

Aa, herr konge! Eg hev logjet, og eg hev stolet; men eg er uskjyldug likvæl; Fiffi hev narrat meg!

Kongen.

Jaso, din vesle kjeltring! So du er uskjyldug? Nei, du visste godt, at du gjorde galet, og difyr skal Bumburrifex taka deg, utan naade.

Fiffi.

Det er maate aat honom, herr konge! Den styggefanten! Kor han kan ljuge paa meg, som aldri hev gjort galet mot nokor menneskje!

Kongen.

Jaso! Og lel er du den svartaste av deim alle! Kva er det fyr eit rautt band, som stikk fram utor kjolelumma di?

Mikkøl.

Det er det bandet, som ho bad meg stela fraa skræppekræmaren. Og med eg stal, talad ho so søtt og venlegt med honom og lest som ho vilde handle.

Fiffi.

Du lyg! Du lyg, segjer eg deg, so lang du er! Aa, eg stakkars uskylduge gjente! (Ho læst graate). Han hev puttatt bandet nedi lumma mi fyr aa skulde paa meg.

(Bumburrixfex kryp upp. Han hev mange svarte strek, men inkje av dei verste).

Kongen

(til Fiffi).

Det er synd aa ljuge, og det er synd aa stela. Det er endaa større synd aa lokke andre til aa ljuge og stela. Men den største av alle synder er aa hykle venlege ord aat ein, med det sama ein vil svikje honom. Sjaa paa den menneskjeetaren der! Han hev røvat og gjort mange vonde gjeringar; men han er inkje so svart som du. Og difyr skal han taka deg, utan naade.

Karl og Vera.

Naade, herr konge! Naade, naade, herr konge!

Kongen.

Ein konge kan gje' naade aat mordarar og røvarar; men aa fara med svik er den svartaste synda, og den kan aldri faa naade, kor-

kje i himlen elder paa jorda. Tak henne, Bumburrifex!

Fiffi.

Dei lyg! Dei lyg! Alle menneskjur lyg! Vaag berre! Eg skal klore deg!

Bumburrifex

(tek Fiffi og Mikkell og reiser med deim).

Aa, ja so! Kom berre! — — So, no hev eg dykk! No fær eg meg kveldsmat, som eg kan eta med godt samvit.

(Medan hev Bumburra og alle dei andre kropet upp, alle meir elder mindre svarte i andletet).

Kongen.

No hev vi skjift rett, og no skal vi vera glade att. Sjaa, der kryp heile mit folk upp utor putten, og allesaman trøng dei um vaskevatten idag. Ja, kven veit, koss det var gaatt med meg sjølv, um eg hadde tittat ned i Sanninga sin brunn? — No skal her bli kroning og stort kalas. Alle kjerengar skal faa kaffi, og alle born skal faa kakor. Prins Karl skal halde skaaltalen fyr alle gjæve gutar, og Funtus i Furusund skal gaa umkring med brettet.

Funtus.

Live kongen!

Dronninga.

Og prinsesse Vera skal halde dokkebryllaup med alle snille gjentor. Men, kjære vesle Vera mi, korleis var det tridje verset av visa aat mor di?



H. A. HARRIS

Vera.

Jau, no kjem eg ihug det. Det var so:

Ein dag so rodde eit litet barn,
Guds eget barn, ut paa fjorden.
Og perla flaut paa eit gullblankt garn,
og barnet tok det med aa'rn.
Og perla lyste med himmelglans,
og daa den perla i havet fannst,
daa vart det ljost uppaa jord'n.

Alle.


Du vakre perle fraa himlens vaar,
du ljose stjerne, du klaare,
du som fall ned som ei engletaar
til jordas myrker og fare,
aa, hellige Sanning! lys paa vaar veg,
og lær oss evigt aa elske deg,
so vil og Gud oss bevare!

Slutt.

Innhald.



<i>Klas Omnstav:</i>	Side.
1. Med han Klas var barn	7
2. Han Klas fer inn i pannkakuberget	13
3. Klas kjem i fare	21
4. Klas i lag med vikingom	29
5. Han Klas bli konge	35
<i>Den beste vegen</i>	46
<i>Er du god, er du rik</i>	51
<i>Brusebekk og Susebekk</i>	59
<i>Bullerbasius</i>	68
<i>Bringebærmarken</i>	79
<i>Sanningsperla. Barnespel i tri stykkje</i>	91



Fr. barnlitt. 3.

Topelius

KANSALLISKIRJASTO-KANSALLISKOKOELMA



120 102 1686

